



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapet Herøy rådhus
Dato: 12.02.2019
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 06.02.19

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 21/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/19	Protokoll frå førre møte
PS 23/19	Delegerte saker
PS 24/19	Referatsaker
PS 25/19	Søknad om ekstraordinært tilskot til Norwegian Travel Workshop
PS 26/19	Reguleringsplan for Bergshaugen KS 9. Slutthandsaming.
PS 27/19	Detaljreguleringsplan for Nedre Sørli - Slutthandsaming.
PS 28/19	Søknad om løyve til oppstart av planarbeid på gnr. 9 bnr. 17 på Runde. Handsaming av administrativt avslag.
PS 29/19	Slutthandsaming: Reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6).
PS 30/19	Tertialrapport. 3. tertial 2018.
PS 31/19	Årsplan 2019

Referatsaker

RS 8/19

Solparken - status pr. januar 2019

RS 9/19


Referat frå styringsgruppemøte 17.01.19

PS 21/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 22/19 Protokoll frå førre møte

PS 23/19 Delegererte saker

PS 24/19 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2019/15
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/19	Formannskapet	12.02.2019

SØKNAD OM EKSTRAORDINÆRT TILSKOT TIL NORWEGIAN TRAVEL WORKSHOP

Tilråding:

Formannskapet ynskjer å vere med på Norwegian Travel Workshop.

Deltakinga vert finansiert ved bruk av konto 13700 (betaling til andre), ansvar 1290 (Destinasjon Ålesund og Sunnmøre) og funksjon 325 (Tilrettelegging og bistand for næringslivet).

Særutskrift:
Destinasjon Ålesund og Sunnmøre

Vedlegg

1 Søknad om ekstraordinært tilskot til Norwegian Travel Workshop 2019.

Samandrag av saka:

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre søker om ekstraløyving tilsvarande 10% av kommunen sitt marknadsføringsbidrag for gjennomføring av Norwegian travel workshop(NTW) 2019.

Rådmannen rår til at Formannskapet imøtekjem denne søknaden og løyver kr. 27.000,- til Destinasjon Ålesund og Sunnmøre for gjennomføring av NTW.

Saksopplysningar:

Utdrag frå søknaden:

Frå 1. til 5. april 2019 skal Norwegian Travel Workshop (NTW) arrangerast på Sunnmøre. NTW er Noregs absolutt største arena for salsmøter og nettverksbygging for reiselivsnæringa. I løpet av to dagar skal ca. 750 deltakarar gjennomføre 8000 førehandsavtala møter. Halvparten er norske tilbydarar av reiselivsopplevingar, — tenester og -produkt, og den andre halvparten er utanlandske turoperatørar frå over 30 land. I tillegg til dei to dagane med møter som vil bli arrangert i Sparebanken Møre Arena i Ålesund, så skal deltakarane på utflukter og aktivitetar i heile regionen frå Atlanterhavsvegen i nord til mellom anna Geiranger, Sandøy, Stranda og til Herøy i sør.

For å bygge opp under kommunen si satsing på reiseliv, søker vi dykk om eit øyremerka tilskot til NTW tilsvarande 10 % av kommunens marknadsføringsbidrag til Destinasjon Ålesund & Sunnmøre. Dette vil vere eit eingongsbeløp. Tilskotet vil kunne sikre fleire gode aktivitetar og betre opplevingar for deltakarane under opphaldet på Sunnmøre under NTW.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner dette er eit godt tiltak og rår til at Formannskapet løyver eit beløp tilsvarande 10% av kommunen sitt årlege marknadsføringbidrag.

Rådmannen rår til at Formannskapet vedtek å vere med på dette prosjektet og deltakinga vert finansiert ved bruk av konto 13700 (betaling til andre), ansvar 1290 (Destinasjon Ålesund og Sunnmøre) og funksjon 325 (Tilrettelegging og bistand for næringslivet).

Fosnavåg, 29.01.2019


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

SUNN

Ålesund, 21. desember 2018

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2019/15	Saksbeh.
- 2 JAN. 2019	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

SØKNAD OM EKSTRAORDINÆRT TILSKOT TIL NORWEGIAN TRAVEL WORKSHOP 2019

Kva er NTW?

Frå 1. til 5. april 2019 skal Norwegian Travel Workshop (NTW) arrangerast på Sunnmøre. NTW er Noregs absolutt største arena for salsmøter og nettverksbygging for reiselivsnæringa. I løpet av to dagar skal ca. 750 deltakarar gjennomføre 8000 førehandsavtala møter. Halvparten er norske tilbydarar av reiselivsopplevingar, -tenester og -produkt, og den andre halvparten er utanlandske turoperatørar frå over 30 land. I tillegg til dei to dagane med møter som vil bli arrangert i Sparebanken Møre Arena i Ålesund, så skal deltakarane på utflukter og aktivitetar i heile regionen frå Atlanterhavsvegen i nord til mellom anna Geiranger, Sandøy, Stranda og til Herøy i sør. Deltakarane vil dermed vere i regionen vår i fleire dagar før dei forlet oss med nye kontaktar, unikt gode opplevingar og signerte kontraktar i bagasjen. Dei norske seljarane skal forlate regionen som gode ambassadørar som kan anbefale sine kundar å reise hit. NTW finn stad kvart år i ulike byar i Norge, og det er ein lang søknadsprosess med eit trangt nålaug ein skal gjennom for å bli godkjent og valt som vertskap av Innovasjon Norge. Innovasjon Norge er eigar av arrangementet, og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre er vertskap.

Kven er vi?

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (DÅS) er fellesorganet for marknadsføring av Ålesund og Sunnmøre som reisemål i Norge og i utlandet. Vårt mål er auka trafikk og auka lønnsemd gjennom heile året. Vi har i dag 190 medlemmar samt kommunane Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Stranda, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Ørsta og Ørskog som medlemmar. Vi samarbeider tett med Innovasjon Norge Reiseliv og Fjord Norge AS som begge driv internasjonal og nasjonal marknadsføring av Norge og fjordlandskapet som reisemål.

Kvifor satse på reiseliv?

Reiseliv er verdas største næring!

Reiselivsnæringa stod for heile 4 prosent av norsk næringslivs verdiskaping og 9 prosent av sysselsettinga i 2015. Prognosane for framtida er fortsatt vekst.

Reiselivsnæringa er, samanlikna med andre næringar, meir geografisk spreidd, noko som både skuldast at kvar enkelt landsdel har sitt unike naturlandskap og si eiga historiske og kulturelle arv.

Det er mange gode grunnar til å satse på reiseliv. I tillegg til dei nemnte over er det også viktige å merke seg følgande:

- Ei viktig kvinnenæring
- Mange startar arbeidskarriera si innan reiseliv
- Sterk integrasjonsnæring
- Ei arbeidskrevjande næring som betyr jobbar og skatteinntekter til kommunane.

I 2017 gjennomførte destinasjonsselskapa i Møre og Romsdal samt Møre og Romsdal Fylke ei verdiskapings- og ringverknadsanalyse for reiselivet i Møre og Romsdal. Analysen syner mellom anna at reiselivet på Sunnmøre er den 10. største næringa målt i verdiskaping, og den 6. største næringa målt i talet på sysselsette. Heile analysen kan ettersendast om ønskeleg.

Det er sterk konkurranse om turistane, noko som krev strategisk innsats og langsiktig fokus. Eit NTW i Ålesund og Sunnmøre vil være ein strategisk viktig del for å bygge opp under regionens profil og kjennskap i den profesjonelle marknaden både nasjonalt og internasjonalt.

Kvifor NTW?

Årsaka til at vi søkte om å vere vertskap for NTW, er at arrangementet med workshop og aktivitetar, vil gi unik eksponering av reiselivet i regionen direkte til beslutningstakarane. Destinasjon Ålesund & Sunnmøre ønskjer å ta posisjonen som «the Adventure Capital of the Fjords» der fokus er aktive opplevingar heile året og i heile regionen. Vi er difor særskilt glad for at NTW 2019 finn stad tidleg på våren slik at vi får vist fram vinteropplevingar både med og utan ski i tillegg til andre heilårsaktivitetar.

Ålesund og regionen har vore vertskap for NTW to gongar tidlegare, sist gong i 2004. Erfaring frå 2004 og andre vertskapsbyar viser ein vekst både i trafikk, lønsemd og kjennskap etter arrangementet.

Vi ønskjer at NTW 2019 skal ha ein tydeleg miljøprofil med minst mogleg intertransport og med klare mål om å redusere og resirkulere avfall. Arrangementet skal vidare ha ein tydeleg musikk- og kulturprofil noko som speglar Sunnmøre som veksande musikk-, kultur- og festivalregion. Framfor alt ønskjer vi også å ha ein sterk matprofil som går som ein raud tråd gjennom heile NTW. Det skal vere matopplevingar med råvarer frå Møre og Romsdal, og maten skal serverast og presenterast med ei god historie ved kvart måltid.

Vi reknar med at gjennom hotellovernatting, restaurantar, transport, aktivitetar osv. vil verdien på sjølve arrangementet ligge på rundt sytten millionar kroner.

Utvida samarbeid og utvida NTW

Gjennom arbeidet med NTW har vi invitert næringsaktørar, kommunar, destinasjonsselskap og Møre og Romsdal Fylkeskommune til eit breitt samarbeid med fokus på totalopplevinga i regionen for tilreisande gjestar.

Vi søkte og fekk innvilga at NTW skal vare 1,5 dag lenger enn det som er vanleg. Vi har då høve til å nå ut til eit større område på «Day of Adventure» 2. april, der deltakarane kan besøke heile Sunnmøre.

For å få fram mangfaldet i regionen på best mogleg måte, vil det vere behov for ekstra ressursar. Det er på bakgrunn av dette at vi tek kontakt med dykk.

Økonomi

NTW 2019 er delvis finansiert av Innovasjon Norge, og delvis av Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Grovt oppsummert dekkjer Innovasjon Norge kostnadane for leige av SBM Arena, gjennomføring av møta, transport til/frå arenaen, dei fleste måltid, nokre aktivitetar og noko av transporten der samt at dei gir eit tilskot til prosjektleiing. Det resterande som profilering av destinasjonen, menyar, underhaldning, resterande aktivitetar og mat utover det heilt grunnleggande samt resterande prosjektleiing må Destinasjon Ålesund & Sunnmøre stå for. Denne delen er betydelig sidan arrangementet er utvida med 1,5 dag. Vi ønskjer at det etterlate inntrykket skal være «the best

games ever» med sterkt fokus på mat, kultur og aktiviteter. Dette for å bygge opp under vår posisjon som «The Adventure Capital of the Fjords».

FINANSIERINGSPLAN

	Samla verdi i kr	Støtte i kroner	Tenester /Verdi	Status / Kommentar
Møre og Romsdal Fylkeskommune	750 000	750 000		OK
Prosjekt: Mat, reiseliv og kultur	200 000	200 000		OK
Innovasjon Norge MR			x	Ikkje avklart
Ålesund Kommune	200 000	200 000		Søknad i prosess
Støtte frå IN til prosjektleiing	200 000	200 000		OK
Eigne timar DÅS	600 000		600 000	OK
Sparebanken Møre	200 000	200 000		OK
Fjord Norge AS	300 000	300 000		Ok
Ekstraordinære tilskot frå kommunar	320 000	320 000		Søknader i prosess
Støtte frå IN til underhaldning, lys, lyd og tekniske tenester.	390 000	390 000		OK
Andre sponsorar	250000	250000		Ok
Destinasjonsselskap støtte	100 000	100 000		Under forhandling
Møre og Romsdal Reiseliv	80 000	80 000		Ok
Sparebank1	400 000	400 000		Søknad i prosess
Andre	70 000	70 000		I prosess
SUM	4 060 000	3 460 000		

Vi ønsker at dei nærare 800 deltakarane skal få oppleve større delar av regionen og fylket medan dei er i workshophallen. For å få til dette vil vi bruke visuelle effektar med lyd og lys til å profilere mangfaldet av reiselivsopplevingar i tillegg til at dei får smake mat frå regionen. Eit døme på dette er at vi gjerne vil vise fram matkultur frå både indre og ytre del av Sunnmøre ved at eine dagen på Sparebanken Møre Arena vil deltakarane sitte i ein lunsjrestaurant som reflekterer matkulturen på hhv. indre og ytre del av Sunnmøre. Profileringa rundt restauranten vil vere kulissar der vi projiserer bilde og film av for eksempel Geirangerfjorden. Den andre dagen vil det vere mat frå kysten, og kulissane vil dermed gjenspeile dette med Runde, hav og kyst. Vi ønsker å bruke Momentum til å hjelpe oss med det tekniske for å sikre høg kvalitet på profileringa både i lunsjområdet og i hallen elles. Vi ønsker også å bruke lokalet under banketten på Scandic Parken hotell til profilering av regionen.

På den store aktivitetdagen 2. april, «Day of Adventure», vil det vere utflukter til Atlanterhavsvegen i nord, til Geiranger i aust og Runde i sørvest. Her ønsker vi å levere gode opplevingar både når det gjelder kvalitet på sjølve aktivitetane, men også på mat, drikke og innslag undervegs som gir ein tilleggsverdi.

Vi skal også arrangere aktivitetar for deltakarane 4. april etter workshopen og det offisielle programmet er over. Dette blir då før «Farewell party». Aktivitetane og avslutningsfesten er det DÅS som står for. Her vil lokale tilbydarar av aktivitetar vere med og sponse, men vi vil trenge støtte til transport, mat og drikke samt til dei aktivitetane som ikkje blir dekkja av aktørane sjølve.


Hovuddelen av programmet vil bli dekt av Innovasjon Norge, men fordi vi har utvida NTW med 1,5 dag ekstra for å få oppleve heile regionen, så er det også meir kostnadskreivande enn tidlegare NTW-arrangement for oss lokalt. Det går både på aktivitetar, kultur, mat og opplevingar. Men vi får på denne måten synleggjort store delar av fylket på ein effektiv og mest mogleg optimal måte.

For å bygge opp under kommunen si satsing på reiseliv, søker vi dykk om eit øyremerka tilskot til NTW tilsvarande 10 % av kommunens marknadsføringsbidrag til Destinasjon Ålesund & Sunnmøre. Dette vil vere eit eingongsbeløp. Tilskotet vil kunne sikre fleire gode aktivitetar og betre opplevingar for deltakarane under opphaldet på Sunnmøre under NTW.

Vi ønskjer at NTW 2019 i «The Adventure Capital of the Fjords» skal gi uforgløyemelege opplevingar for både dei vi kallar verdas fremste norgesseljarar, og den norske reiselivsbransjen elles. Vi håpar difor at kommunane vil vere med på å støtte oppunder dette arrangementet.

Med venleg helsing

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tom A. Skrede', written in a cursive style.

Tom Anker Skrede

Dagleg leiar



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2018/84
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/19	Formannskapet	12.02.2019
	Kommunestyret	21.02.2019

REGULERINGSPLAN FOR BERGSHAUGEN KS 9. SLUTTHANDSAMING.

Tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Herøy kommunestyre detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS 9 med tilhøyrande føresegner. Plankart er datert 28.06.2018 og føresegnene er datert 30.01.2019.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- 1 Plankart 310119
- 2 Reguleringsføresegner Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9
- 3 Planomtale Detaljreguleringsplan Bergshaugen KS9
- 4 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Bergshaugen KS9 - offentlig ettersyn

Samandrag av saka:

Reguleringsplanen omfattar eitt av fleire avsette bustadområder i områdeplan for Indre Bergsøy, kalla KS 9. KS står for konsentrert småhusbebyggelse.

I samband med søknad om oppstart gjorde tiltakshavar merksam på at dei ynskte å legge til rette for litt mindre tett utnytting av området enn det områdeplanen legg til grunn, med ein del mindre tomter til frittliggjande småhus/einebustadtomter.


Eit planforslag som viste fem tomter for frittliggjande småhus og to tomter for konsentrert småhus har no lagt ute til offentlig ettersyn. I tillegg viser planen køyreveg, gang-/sykkelveg, leikeplass og område for kommunalteknisk anlegg.

Det kom inn ein merknad til planframlegget. Dette er ei motsegn frå Fylkesmannen. Motsegna går på at føresegnene i planen ikkje er gode nok til å sikre barn og unge sine interesser. Dei krev at det vert sett rekkefølgekrav om at leikeplassen skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk. I tillegg krev dei at funksjon konkretiserast. Det vil seie krav til at leikeplassen opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Inntil føresegnene er endra i tråd med dette, har dei motsegn til planframlegget.

Motsegna er imøtekomen i sin heilskap ved at føresegnene § 6 pkt. 4 og § 10 er endra slik at krava er spesifisert.


Rådmannen rår til at planframlegg og føresegner vert godkjent slik det no ligg føre.

Saksopplysningar:



Figur 1: Området ligg på Bergshaugen, svart pil.

Planframlegg:



Figur 2: Planframlegg som har lagt ute til offentlig ettersyn. Sjå også vedlegg 1 Plankart.

Planområdet er på totalt 6,2 daa og planframlegget legg til rette for fem tomter for frittliggjande småhus (FS1-3) og to tomter for konsentrert småhus (KS1). I tillegg viser planen køyreveg og gang-/sykkelveg fram til leikeplass (LP1) og område for kommunalteknisk anlegg/pumpestasjon (PS). Utnyttingsgrad: Maks BYA er sett til 30% for FS-områda og mellom 25-40% i KS-området. Totalt er det planlagt for 14 nye bueiningar.

Det er kome inn berre ein merknad til offentlig ettersyn:

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 25.01.19, Motsegn, Vedlegg 4

Motsegna går på at føresegnene i planen ikkje er gode nok til å sikre barn og unge sine interesser. Dei krev at det vert sett rekkefølgekrav om at leikeplassen skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk. I tillegg krev dei at funksjon konkretiserast. Det vil seie krav til at leikeplassen opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Inntil føresegnene er endra i tråd med dette, har dei motsegn til planframlegget.

Kommentar: Motsegna er imøtekomen i sin heilskap ved at føresegnene § 6 pkt. 4 og § 10 er endra slik at krava er spesifisert. Endringa får ikkje følgjer for plankartet.

Vurdering og konklusjon:

Motsegna gjeld kun føresegnene og får ikkje følgjer for plankartet. Vi reknar motsegna som løyst i og med at alle punkt er imøtekomne og retta.


Rådmannen rår til at planframlegget vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Fosnavåg, 31.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth



Tegnforklaring

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader - frittliggande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg
- Gang-/ sykkelveg

--- Byggegrense

--- Måle-/avstandslinje

--- Plangrense


↔ Avkjørsel-både inn og utkjøring

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Ambita Infoland
Koordinatsystem: UTM Sone 32 / Euref 89
NNS4

Ekvidistanse 1 meter
Kortmålestokk 500

Arkformat: A2
Målestokk 1:500
Dato: 28.06.18



Detaljreguleringsplan - PBL (2008) § 12-8

Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Med tilhørende reguleringsføresegner

Herøy kommune

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart		22.8.18	YK
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker	211/18	20.11.18	
Offentlig ettersyn fra 20.11.18 til 6.1.19			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

PLANEN UTARBEIDET AV:

DAKARK
ARKITEKT OG INGENIØRTJENESTER

SAKSNR

TEGNNR.

SAKSBEH.

Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Sist revidert: 30.01.2019

§ 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)
- Andre kommunaltekniske anlegg – Pumpestasjon (PS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)

Omsynssoner (PBL. § 12-6)

- Sikringsone – Frisikt (H140)

§ 5 – FELLESFØRESEGNER

- a) Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.
- b) Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- c) Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke

Reguleringsføresegner – detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 30 %.
- KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 m² pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan. Innan KS-område gjeld krav til MUA 15 m². Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

- I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. I område merka KS kan det byggjast bustadhus i rekke med inntil seks (6) bueiningar i kvar rekke. KS-område skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Innanfor KS-området kan det også oppførast korsdelte firemannsbustader.
- Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.
- I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggjast med grunnflate inntil 36 m². I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 meter og mønehøgde ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggjande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Andre kommunaltekniske anlegg (pumpestasjon)

Eksisterande pumpestasjon inngår i planen.

4. Leikeplass

Områda merka LP1 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald og skal som eit minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eit leikeapparat. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.

§ 7 Uteareal tilhøyrande byggeareal

- Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører

Reguleringsføresegner – detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

- c) Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- d) Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.
- e) Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- f) Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- g) Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- h) Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrslar gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 8 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal

Avkøyrslar skal som hovudregel ikkje leggjast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsel eller avkøyrsele på plankartet.

I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 9 OMSYNSSONER (PBL. § 12-6)

1. Sikringssone – frisksone (H140)

Frisiktsone er vist med omsynssone, kode H140. Frisksone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisksona skal planerast ned til 0.5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

- a) Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast innan første bustad kan takast i bruk. Leikeareal innanfor byggeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med bustadhusa.
- b) Gangveg skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når første bustad innanfor KS1 eller FS2 er utbygd.


Plantomtale

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BERGSHAUGEN KS9, GBNR 30/135, Bergsøy, Herøy Kommune

DATERT: 29.06.18

SIST REVIDERT:
29.06.18

VEDTATT:



Innhold

1.	SAMANDRAG	4
2.	NØKKELOPPLYSINGAR	4
3.	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	5
4.	PLANPROSESSEN	5
4.1.	Oppstartsmøte	5
4.2.	Varsel om oppstart av planarbeidet	5
4.3.	Medvirkningsprosess	5
4.4.	Undervegs møte	5
4.5.	Konsekvensutredning	5
4.6.	Konflikter eller heimler	5
5.	GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER.....	5
5.1.	Rikspolitiske retningslinjer	5
5.2.	Regionale planer	5
5.3.	Kommunale planer	6
5.4.	Reguleringsplaner	6
5.5.	Lokale retningslinjer/normer	6
5.6.	Avvik fra planer og retningslinjer	6
6.	FORSKRIFT OM KONSEKVENSTREDNING (KU)	6
7.	BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET I DAG	6
7.1.	Lokalisering	7
7.2.	Avgrensning og størrelse på planområdet	7
7.3.	Topografi og landskap	7
7.4.	Stadens karakter	8
7.5.	Naturverdier og landbruk	8
7.6.	Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde	8
7.7.	Born og unges interesser	8
7.8.	Trafikkforhold	9
7.9.	Sosial infrastruktur og andre servicetilbud	9
7.10.	Teknisk infrastruktur	10

7.11. Miljø, klima og grunnforhold	10
7.12. Beredskap og ulykkesrisiko	10
8. VIRKNINGAR AV PLANFORSLAGET	11
8.1. Innleiing	11
8.2. Planlagt arealbruk.....	11
8.3. Formål knyttet til bygninger og anlegg	11
8.4. Støytiltak	12
8.5. Terreng, landskap og estetikk	12
8.6. Naturmangfold	12
8.7. Overordnede planar og retningslinjer	12
8.8. Rekkefølgekrav	13
9. KONSEKVENSER AV PLANFORSLAGET.....	13
9.1. Overordnede planer og mål	13
9.2. Eksisterende reguleringsplaner	13
9.3. Virkninger for naboer og interesse motsetninger	13
9.4. Friluftsliv, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet.....	13
9.5. Trafikkforhold og teknisk infrastruktur	14
9.6. Sosial infrastruktur og servicetilbud	14
9.7. Kulturminne og kulturlandskap	14
9.8. Juridiske/økonomiske konsekvenser for kommunen.....	14
9.9. Energibehov og forbruk	14
9.10. Vurdering av verknader	14
10. RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE(ROS).....	14
Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9	14
11. UTTALELSAR OG MERKNADAR	18
11.1. Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet.....	18
11.2. Uttalelser og merknader etter offentlig ettersyn og høring	18

1. SAMANDRAG

Formålet med planforslaget er detaljregulering av delområde KS9 og LP7 i områdereguleringsplan for indre Bergsøy. Krav om detaljregulering følger av områdereguleringsplanplan for indre Bergsøy, reguleringsføresegner § 6. Samstundes er det ønskelig med ein justering av formålet for deler av planområdet.

Planomtalen er noke forenkla på bakgrunn av vurderinger som er gjort i samband med områderegulering av Indre Bergsøy.

2. NØKKELOPPLYSINGAR

Gnr./bnr	30/135
Gjeldande planstatus	Områdereguleringsplan for Indre Bergsøy
Forslagstiller	S Storøy AS
Grunneigar	30/135 – Herøy Byggsenter AS
Plankonsulent	Dakark AS
Hovedformål	Frittliggende og konsentrert bebyggelse
Størrelse på planområdet i daa	6,2
Grad av utnytting	% BYA = 25-40
Tall på nye boenheter/nytt næringsareal (BRA)	14
Er det varsla innsigelse? (ja/nei)	Nei
Konsekvensutredningsplikt (ja/nei)	Nei
Oppstartsmøte, dato	14.12.17
Kunngjeringg oppstart, dato	23.2.18
Vedtak om oppstart (gjelder off. reg.planer). (ja/nei)	Ja
Vedtak om offentlig ettersyn, dato	
Høringsperiode, dato frå - til	

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Intensjoner og mål med planforslaget

- Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av planområde KS9 av områdereguleringsplan for Indre Bergsøy. Samtidig justerast arealformålet for deler av planområdet slik at delar av KS9 tilretteleggast for frittliggende bustadar (FS). Målet med dette er å treffe det ein oppfattar er etterspørselen i marknaden, på ein betre måte.

4. PLANPROSESSEN

4.1. Oppstartsmøte

Oppstartsmøte ble avholdt 14.12.17. Det vart informert om at kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan.

4.2. Varsel om oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeid vart kunngjort 23.2.18 med nabovarsling og annonse i lokal avis.

4.3. Medverknad

Det har ikkje vore lagt opp til medverknad ut over ordinær varslings.

4.4. Undervegsmøte

Det er ikkje avholdt undervegsmøte.

4.5. Konsekvensutredning

Planforslaget er vurdert mot krav i KU-forskrifta, men det er ikkje funnet naudsynt med konsekvensutredning.

4.6. Konflikter eller heimler

Det er ikkje avdekt konflikter med statlige, regionale eller lokale retningslinjer. Det er heller ikkje avdekt konflikter med Plan- og bygningslova eller tilhøyrande forskrifter. Overordna vurderingar er føresett gjort ved utarbeiding av Områdeplan.

5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

5.1. Rikspolitiske retningslinjer

Det er tatt omsyn til barn- og unges interesser i områdeplanlegging med mellom anna planlegging av leikeareal. I planforslag er denne tanken videreført med etablering av gang-og sykkelveg gjennom området og fram til områdeleikeplass.

5.2. Regionale planer

Ingen spesielle omsyn.

5.3. Kommunale planer

Krav i gjeldande kommuneplan er teke omsyn til i planlegginga.

5.4. Reguleringsplaner

Planområdet erstatter KS9 og LP7 i områdereguleringsplan Indre Bergsøy.

5.5. Lokale retningslinjer/normer

Ingen spesielle omsyn.

5.6. Avvik fra planer og retningslinjer

Deler av planforslaget avviker frå gjeldande områdereguleringsplan. Areal som er regulert til KS-område vert delvis omregulert til FS-område. Deler av LP-område er omregulert til atkomstveg.

6. FORSKRIFT OM KONSEKVENsutREDNING (KU)

Planforslaget er ikkje omfatta av krav om konsekvensutredning (KU).

7. BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET I DAG

Planområdet er delvis planert og der er i dag en grusveg inn til pumpestasjon som er plassert i planområdet. Ut over dette er terrenget i stor grad skrånande mot eksisterande veg og bebyggelse. Noko spredt vegetasjon.

Foto tatt fra aust for planområdet, I retning vest (des.17)



Flyfoto over området



7.1. Lokalisering

5.1.1.

Planområdet ligger i Bergshaugen på Bergsøya, men er også avgrensa av Holkestadvegen i aust. Planområdet har god utsikt mot nordvest og Leinevika.

7.2. Avgrensning og størrelse på planområdet

7.2.1. Grunngeving for planavgrensningen

Planavgrensning er avgrensa av formålsgrænse for KS9 og LP7 siden det er krav om detaljregulering for KS9. Det er logisk å sjå dette i samband med LP7 sidan dette vil vere nærleikeplass for planområdet.

7.2.2. Beskrivelse av dagens bruk av planområdet

Planområdet ligg ubrukt i dag, med unntak av pumpestasjon.

7.3. Topografi og landskap

Planområdet ligg relativt høgt på Bergsøya mellom kote 48 og 63. Landskapet er lett skrånande mot nord / nordvest.

7.3.1. Sol og lysforhold

Området har gode sol- og lysforhold sidan det er åpent landskap i alle retninger uten hindringar av sollys og utsikt, av relevans.

7.3.2. Lokalklima

Ein kjenner ikkje til lokale klimatiske forhold av relevans.

7.4. Stadens karakter

7.4.1. Eksisterande bygninger

Eksisterande bebyggelse er i stor grad spreidd småhusbebyggelse med innslag av noko fortetting.

7.4.2. Samspel mellom landskap og bygningsmasser

På eit overordna nivå er dette teke omsyn til i samband med områderegulering. Busetnad er plassert på dei flataste areala, og i den grad terrenget er skrått er bebyggelse gjerne tilpassa med kjellar mot terreng. Leikeplassar er plassert på flate og solrike stadar.

7.4.3. Kulturminne og kulturmiljø

Ikkje av relevans for planområdet i detaljreguleringsplan. Tema er grundig utgreia gjennom områdeplan.

7.5. Naturverdier og landbruk

Ikkje av relevans. Tema er utgreia gjennom områdeplan.

7.6. Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde

Området har lav, eller ingen rekreasjonsverdi i dag. Tema er for øvrig utgreia i områdeplan.

7.7. Born og unges interesser

Planområdet grensar mot ein større leikeplass (LP6 i områdeplan Indre Bergsøy) og inneheld også ein nærleikeplass på om lag 200m² (LP1). LP6 er opparbeida med utstyr og benkar. Sidan planområdet ikkje skal ha gjennomgåande veg skal det opparbeidast ein gang- og sykkelveg (GS1) gjennom området for å gi god og sikker tilkomst til leikeplass LP6, då denne i praksis vil vere samlingsplass for born og unge i nærområdet.



Leikeplass LP6, rett sør for planområde (des.17)

7.8. Trafikkforhold

7.8.1. Vegtilkomst

Tilkomst til området er privat veg Bergshaugen. Tilkomst fra FV654 er via Borgarhaugvegen og Bergslibakken, begge kommunale vegar.

7.8.2. Vegsystem

Bergshaugen ligg inst i eit etablert byggefelt. Området har 30-sone som fartsgrense og her er ikkje gjennomgangstrafikk. Ut over dette visast til planomtale for områdeplan.

7.8.3. Kollektivtilbod

Det er ca 1 km til næraste busstopp ved FV654. Ut over dette visast til planomtale for områdeplan. Transportbehovet for bebuarar i området må påreknast dekt gjennom bilbasert transport.

7.9. Sosial infrastruktur og andre servicetilbod

7.9.1. Skule- og barnehagekapasitet

Tema er drøfta i områdeplan. Det skal vere kapasitet i lokale barnehagar og korte avstander til skule.

7.9.2. Idretts- og kulturtilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.3. Helsetilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.4. Nærleik til arbeidsplassar

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.9.5. Daglegvarehandel og andre servicetilbod

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.10. Teknisk infrastruktur

7.10.1. Vann og avløp

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan. Det skal vere tilstrekkeleg kapasitet i VA-anlegg.

7.10.2. Trafo og kraftliner

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.11. Miljø, klima og grunnforhold

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan.

7.12. Beredskap og ulykkesrisiko

Tilstrekkelig utgreia i samband med overordna områdeplan. Området skal ha tilstrekkelig tilgang på sløkkevatn dersom brann.

8. VIRKNINGAR AV PLANFORSLAGET

8.1. Innleiing

Planforslaget inneber detaljering av eksisterande områdereguleringsplan.

Detaljreguleringsplan tilrettelegg område for utbygging slik at ein kan gå i gang med salg og bygging innanfor planområdet.

8.2. Planlagt arealbruk

8.1.1.

<i>Planområde</i>	<i>Areal - %BYA</i>	<i>Maksimal BYA</i>
FS1	1,54Da – 30	462m ²
FS2	1,49Da – 30	448m ²
FS3	0,74Da - 30	222m ²
KS1	1,77Da - 40	707m ²

8.3. Formål knyttet til bygninger og anlegg

8.3.1. Type bygninger og anlegg

Reguleringsplan er delt inn for følgende arealformål:

- Busetnad
 - FS1 – 3: Frittliggende småhus med inntil 2 bueiningar på kvar tomt. Inntil 30% BYA.
 - KS1 – konsentrert bebyggelse med bustadhus i rekke med inntil 6 bueiningar. Inntil 40% BYA, men minimum med 25%. Maksimalt 6 bueiningar for kvar tomt, desse kan oppførast trinnvis eller alt på ein gong. Innanfor området kan det også byggast korsdelte firemannsbustader.

8.3.2. Leike- og uteoppholdsareal

- Lek og felles uteoppholdsareal
 - LP1 – nærleikeplass på om lag 200m².

8.3.3. Fortau/ Gang- og sykkelveg

- GS1 – gang- og sykkelveg.

8.4. Støytiltak

Tema støy er utgreia i samband med områdeplan. For aktuelle planområde er ikkje støy ein aktuell problematikk.

8.5. Terreng, landskap og estetikk

Tema er vurdert i samband med områdeplan. Det er utført analyser av terreng og landskap ved planlegging av dei forskjellige områder for utbygging. Lokale tilpasningar til terreng, landskap og estetikk skal likevel vurderast og ivaretakast gjennom byggesaken for kvar enkelt tomt.

8.6. Naturmangfold

Det visast her til vurderingar gjort i områdeplan, samt ROS-analyse.

8.7. Overordnede planar og retningslinjer

Overordna planar er områdereguleringsplan for Indre Bergsøy samt kommuneplan for Herøy kommune. Planforslaget er i stor grad ein videreføring av desse planane, med mindre justeringar i arealføremåla.

8.8. Rekkefølgekrav

Følgende rekkefølgekrav er tatt med i reguleringsbestemmelsane:

- Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd. Leikeareal innanfor byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med bustadhusa.
- Gangveg skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når første bustad innanfor KS1 eller FS2 er utbygd.

9. KONSEKVENSER AVPLANFORSLAGET

9.1. Overordnede planer og mål

Planforslaget inneber i hovudsak ein detaljering av overordna planar og er ein videreføring av desse.

9.2. Eksisterende reguleringsplaner

Planforslaget medfører mindre endringar knytt til arealformål: Delar av areal regulert til konsentrert busetnad (KS) vert tilrettelagt for frittliggande busetnad (FS).

9.3. Virkningar for naboer og interesse motsetningar

Virkningar for naboar er i hovudsak at ein tilrettelegg for utbygging av areal som i dag er ubebygd. For dei som er etablert i feltet vil det alltid medføre ein endring når det etablerast ny bebyggelse i eit felt. Ved å tilretteleggje for meir frittliggande bebyggelse enn det områdereguleringsplan føreset, tilrettelegg ein for eit noko meir stabilt nærmiljø. Dette begrunnast med at slik busetnad gjerne har mindre utskiftning av bebuarar over tid, noko som gir stabilitet og trygghet for dei som bur i området. Ved å legge til rette for noko meir frittliggande bebyggelse vil truleg ny bebyggelse virke meir som ein naturleg forlengelse av eksisterande bebyggelse i Bergshaugen, reint estetisk.

9.4. Friluftsliv, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet

Tema er på overordna nivå omtala i områdereguleringsplan. Born og unges interesser er ivareteke gjennom detaljregulering av areal for leik og krav til MUA på kvar enkelt tomt,

gang- og sykkelveg for tilkomst til leikeareal, samt rekkefølgebestemmelsar knytt til desse areala.

9.5. Trafikkforhold og teknisk infrastruktur

Detaljreguleringsplan inneber ikkje vesentlege konsekvensar for trafikkforhold og teknisk infrastruktur. Vegar og teknisk infrastruktur er allereie etablert for feltet, og vil ved gjennomføring av plan verte noko høgare utnytta. Gang- og sykkelveg vert etablert i planområdet for å gi trygg og enkel tilkomst til områdeleikeplass, for bebuarar i området.

9.6. Sosial infrastruktur og servicetilbud

Tema er utgreia i samband med områderegulering. Detaljregulering inneber ikkje vesentlege konsekvensar knytt til tema.

9.7. Kulturminne og kulturlandskap

Tema er utgreia i samband med områderegulering. Det er ikkje funne kulturminne innanfor formålsgrensene til detaljplan.

9.8. Juridiske/økonomiske konsekvenser for kommunen

Ingen.

9.9. Energibehov og forbruk

Alle tiltak i området skal prosjekterast etter Plan- og bygningslov med tilhøyrande forskrifter som gjeld på tidspunkt for søknad.

9.10. Vurdering av verknader

Planforslaget inneber minimale verknader.

10. RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE(ROS)

ROS-analysen baserer seg på sjekklister for risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova, utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklister var revidert 15.12.16.

Namn på tiltak/plan: Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige</i>	Ja	Nei	Kommentar

	<i>avsnitt/vedlegg.</i> <i>Grunngje NEI etter behov.</i>			
a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	
B	Er området utsett for større fjellskred?		x	
c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	
d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	
e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		x	
f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		x	
g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		x	
I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	
j	Anna (Spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågareliggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
--	--	----	-----	-----------

Vass- forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraft- forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4μT frå høgspenliner?		x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	

	d	Anna (spesifiser)?
--	---	--------------------

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/ulukkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området dårlige tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst-institusjonar i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
--	--	--	----	-----	-----------

Verksemds- risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?			
		Ja	Nei	Kommentar
a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 22/06 - 2018 av sign: _____

11. UTTALELSAR OG MERKNADAR

11.1. Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet

Det har ikkje kome innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet.

11.2. Uttalelser og merknadar etter offentlig ettersyn og høring



HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan for Bergshaugen KS9

Offentleg ettersyn - Motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan for Bergshaugen KS9 er lagt ut til offentlig ettersyn. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal takast vare på, jf. plan- og bygningslova § 1. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er forankra i lova, og rettleiar T-1514 og T-02/08 utdjupar retningslinjene.

Føresegnene i planframlegget er ikkje gode nok til å sikre barn og unge sine interesser. Rekkjefølgje- og funksjonskrav må sikre at leikearealet skal vere opparbeidd *innan første bustad* kan takast i bruk. Vidare skal krav til funksjon konkretiserast, det vil seie krav til at leikeplassen opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Inntil føresegnene er endra i tråd med dette, har vi motsegn til planframlegget.

Konklusjon

Vi har motsegn til planframlegget inntil føresegnene sikrar rekkjefølgje- og funksjonskrav som skildra ovanfor.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1449
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/19	Formannskapet	12.02.2019
	Kommunestyret	21.02.2019

DETALJREGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA - SLUTTHANDSAMING.

Tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Herøy kommunestyre detaljreguleringsplan for Nedre Sørliia bustadfelt med tilhøyrande føresegner. Plankart er datert 21.01.2019 og føresegnene er datert 30.01.2019.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 201725_V1_Plankart rev 210119
- 2 Føresegner Nedre Sørليا revidert 30.01.19
- 3 201725_V3_Planomtale_rev 210119
- 4 201725_Vedlegg_ROS_analyse 220318_PDF
- 5 Innspel til detaljreguleringsplan for Nedre Sørليا
- 6 Innspel i høve forslag til reguleringsplan Gnr 36 Bnr 2 mfl i Toftesøda
- 7 Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale.
- 8 NVE si generelle fråsegn - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Herøy kommune. NVEs referanse: 201801829-4
- 9 Merknad til detaljreguleringsplan for Nedre Sørليا.
- 10 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan nedre Sørليا gbnr 36/2 m.fl - fråsegn ved offentleg ettersyn
- 11 Herøy kommune - detaljregulering - Nedre Sørليا
- 12 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nedre Sørليا gnr36 bnr2 mfl. - B. Tarberg AS

Samandrag av saka:


Eit privat planframlegg for Nedre Sørليا bustadfelt har lagt ute til offentleg ettersyn og vore til høyring hos offentlege instansar. Planframlegget la til rette for 10 nye bustadtomter, 12 naust, to leikeplassar, veg og gangveg.

Det kom inn 6 merknader til planen. Med bakgrunn i merknad frå Toftesøda småbåtlag var det behov for ein privatrettsleg avtale mellom utbyggjar av Nedre Sørليا og småbåtlaget, for den delen av planen som naustrekkja ligg på. Dette har ein ikkje lukkast med å få på plass.

I samråd med tiltakshavar/konsulent vert det no lagt fram sak om slutthandsaming av planen utan naustrekkja. Plangrensa er justert og i føresegnene og planomtalen er tatt ut føresegnene og omtalane som gjaldt naustrekkja og regulert veg framfor naustrekkja.


Justeringa er avklara med Fylkesmannen (vedlegg 12) og rådmannen rår til at planen vert godkjent slik den no ligg føre.

Saksopplysningar:



Planområde

Figur 1: Reguleringsområdet ligg sør på Bergsøya.



Figur 2: I kommuneplanen er reguleringsområdet sett av til bustader og landbruksnatur og friluftsområde.

Kommentar: Utbyggingsområdet i denne reguleringsplanen er, slik vi forstår det, mindre enn det som tidlegare har vore fremja. Formannskapet har gitt løyve til å ta inn aktuell del av LNF-område i denne reguleringa og Fylkesmannen poengterer i sin uttale at han *ikkje* går imot ei utviding av bustadområde slik dette framlegget legg opp til.

Ein kom ikkje til semje om rettane i området. Naustrekkja og vegen/parkeringa framfor denne vert difor tatt ut av planen og plangrensa justert deretter.

Brannmynde i Herøy uttalar dette i høve til branntryggleik: «...Ansvarleg prosjekterande må innhente informasjon hjå vassverket ift etablerte anlegg. Vidare så må da sjølvsagt nye anlegg dimensjonerast ift anten preaksepterte krav eller analyse basert på type og omfang av bygningsmasse».

Det er ikkje beskrive nærare kva vegrett det er snakk om, verken kven som er part eller kvar vegretten går. Så vidt vi kan sjå ut frå kartet, så grensar planområdet inn til eine spissen av det aktuelle gards-/bruksnummeret. Vi kan ikkje sjå at reguleringa skal vere til hinder for vegrett til området og især ikkje når naustområdet og vegen/parkeringa vert teke ut av planen.

Fortau/gang-/sykkelveg heilt fram til Kvithaugsmyravegen var drøfta ved oppstart. Vi fann det urimeleg å legge heile strekninga på tiltakshavar. Tiltakshavar har regulert og skal byggje ut fram til avkøyrsla til veg Nedre Sørliia. Kommunal prioritering av 135 meter fortau for å knytte eksisterande g/s-veg/fortau saman vil bli vurdert i samband med neste rullering av trafikktryggingssplanen.

2. Statens vegvesen, 20.06.2018, vedlegg 7

Ingen merknad

3. NVE, 26.06.2018, vedlegg 8

Generell fråsegn som blir sendt ut i alle saker dei får melding om. Dersom ein treng NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

4. Toftestøda Småbåtlag, 27.06.2018, vedlegg 9

Dei er i utgangspunktet positive, men usikre på om planen for 12 nye naust er godt nok gjennomtenkt. Dei ynskjer å bli involvert i den vidare planlegginga. Toftestøda er eit sameige med 23 grunneigarar som alle har kvar sitt naust/tomt. Ei bruksordning, som jordskifteretten har bestemt, regulerer antal tillatte båt plassar og naust. Toftestøda småbåtlag har 45 båt plassar og 42 medlemmar.

Dei gjer merksam på at rekka med dei 12 nausta er plassert heilt inn til tomtegrensa til sameiget og at biloppstillingsplassane ligg på sameiget sin grunn.

Kommentar: Tiltakshavar/konsulent har vore i dialog med småbåtlaget for avklaring. Partane kom ikkje til semje. Naustrekkja vert tatt ut av planen.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune, 06.08.2018, vedlegg 10

Er skeptisk til leikeplass LP2 på grunn av skygge frå naust, biltrafikken forbi og tilgjengelegheita for dei som skal bu i bustadfeltet. Stien mot 36/102 bør bevarast som snarveg. Rår til kotesett utomhusplan i samband med opparbeiding av leikeområde.

Kommentar: Nausta vert tatt ut av planen av andre grunnar. Då er ikkje sol/skygge tilhøva eit moment (må eventuelt analyserast ved ny regulering av naust).

Det vert gjerde mot bilveg og vi meiner tilkomsten er tilfredstillande, med fortau direkte inn mot området frå bustadområdet. At leikeplassen ligg ved vegen/fortauet gir god tilgjengelegheit for barn frå andre stader i området og for forbifarande, og er også med å signalisere at dette er ein open stad for alle.

Eksisterande sti går direkte inn på terrassen til bustadhuset på gnr. 36 bnr.102 og er ikkje naturleg tilgjengeleg som snarveg for nokon andre i bustadfeltet. Innregulert sti vil derimot ha ein god felles funksjon ved å bli knytt til eksisterande veg i området.

6. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 15.08.2018 (utsett frist), vedl. 11

Vil *ikkje* gå imot ei utviding av bustadområde slik dette framlegget legg opp til.

Reagerer på ordlyden «Felles *privat* leikeareal». Bør ikkje utelukke at også barn frå området elles skal kunne nytte seg av plassen.

Det må gjennomførast risiko- og sikkerheitsanalyse for planområdet, jfr. PBL § 4.3, og eventuelle omsynssoner må merkast av på plankartet. Gislink.no

viser at deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Vurdering for tilstrekkeleg tryggleik må gjerast og omsyn må takast gjennom utforminga.


Minner om at dersom det vert gjort funn av automatisk freda kulturminne må arbeidet stoppe opp og kulturavdelinga varslast.

Kommentar: Felles privat leikeareal: Ordet «privat» er meint å vise til at ansvar for utbygging, vedlikehald og drift er av privat art. Vi ser likevel at dette kan mistydast og vel å klargjere dette ved å legge inn i føresegnene § 8 pkt 3 LP1a og LP2a: «Plassen er open for ålmenta».

Tiltakshavar har gjennomført ROS-analyse datert 22.03.2018. Vi må beklage at denne ikkje var sendt ut ilag med høyringspapira. Vi har sjekka aktsemdkarta for flaum (nve.no og gislink.no). Planområdet ligg i si heilheit utanfor definert aktsemdområde for flaum, noko som også kjem fram av ROS-analysen (vedlegg 4).

Siste punkt om arkeologi er innarbeidd i føresegnene § 4.

Justert plankart etter at naustområdet er teke ut av planen:



Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i innkomne innspel/merknader er altså planframlegget justert ved at naustrekkja er tatt ut av planen. Ny dato på plankart er 21.01.2019. Også føresegner og planomtale er justert med bakgrunn i dei endringar som framgår av denne merknadshandsaminga. Ny dato på føresegnene er 30.01.2019 og planomtale har ny dato 21.01.2019.

Det er avklara med Fylkesmannen (vedlegg 12) at planen ikkje treng ny


høyringsrunde sjølv om naustområdet vert teke ut av planen. Rådmannen let difor saka gå direkte til slutthandsaming etter slik justering.

Rådmannen rår til at plan med føresegner vert godkjent slik den no ligg føre.

Fosnavåg, 30.01.2019



Olaus Jon Kopperstad
Rådmann

Tanja Rafteseth
Sakshandsamar utviklingsavdelinga






Teiknforklaring Nedre Sørha bustadfelt


Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

-  Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse
-  Leikeplass








Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

-  Veg
-  Fortau
-  Annen veggrunn - tekniske anlegg

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

-  Grønnstruktur

Linjesymbol

-  Plangrense
-  Regulert tomtegrense
-  Byggegrense
-  Regulert senterlinje
-  Frisiktlinje i veikryss
-  Måle-/avstandslinje
-  Formålsgrense

Basiskart informasjon

EKVIDISTANSE: 1 M
 NASJONAL AREALPLAN ID: 2018-01
 KOORDINATSYSTEM NN 1954
 HØDEGRUNNLAG NN2000
 DATO FOR BASISKART: 14.02.2018
 KJELDE FOR BASISKART: GEOVEKST
 KARTMÅLESTOKK: 1:500 A1

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN


Kunngjøring oppstart
 1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker
 Offentlig ettersyn fra til
 2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker
 Kommunestyrets vedtak

SAKSNR	DATO	SIGN
	14.02.2018	AZT
2017/1149	06.02.2018	TR

PLANEN UTARBEIDET AV: B. TARBERG AS
 Ver 2 datert 21.01.2019

SAKSNR	TEGNR	SAKSBEH
201725	002	AZT

Forslagstillar; BT Utbygging AS





Planident:
201801

Saksnummer:

Eigengodkjenningsdato:
xx.xx.xxxx

Eigengodkjent_av:
Herøy kommunestyre

DETALJREGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA BUSTADOMRÅDE PLAN-ID: 201801

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemningar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturvern mynde skal varslast, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

§ 5 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – frittliggjande småhus (BF1-3)
- Leikeplass (LP1-2)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V1-2)
- Fortau (F1-2)
- Annan veggrunn tekniske anlegg (AVG)

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr 3)

- Grønnstruktur (Sti)

§ 6 – FELLESFØRESEGNER

- a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor BF-områda, som følgje av byggjesøknad.
- b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.
- c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Nye bustader skal vere tilpassa tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast slik at skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå med etablert vegetasjon i kombinasjon med murer eller bart fjell.
- d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- e. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
- f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.
- g. Innanfor området kan det byggjast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
- h. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande tomtegrunn.

§ 7 – SITUASJONSPLAN / DETALJAR VED BYGGESØKNAD

Det skal utarbeidast ein situasjonsplan i samband med byggesøknad for kvar tomt innanfor BF-områda

Situasjonsplan skal handsamast av kommunen i samband med byggesøknad og skal vise:

- Tomtegrenser
- Grense mellom seksjonar
- Garasje og biloppstillingsplass
- Interne køyreveggar og gangveggar
- Murarar og nivåskilnader
- Minste ute opphaldsareal (MUA)
- Kotehøgder på utvendig terreng
- Terrengsnitt med kotehøgde for tak
- Plassering av bygning på tomta
- Avkøyrsløse

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn.

Universell utforming skal også leggast til grunn ved utforming av leikeplassar og felles uteopphaldsareal, jf. TEK.

§ 8 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- BF - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 m² pr. bilplass.

Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal.

Bustadbygg skal ha biloppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for minst 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering.

For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.

- Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan BF-områda skal det setjast av min. 25 m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan ved byggesøknad.

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus (BF1-3)

- I område merka BF1-3 kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

- I område merka BF skal bygningar ha ei maksimal gesimshøgde på 6.5 m og maksimal mønehøgde 8.5 m. Maksimal kotehøgde for lågast golv på kvar tomt er vist i plankartet.
- I område merka BF skal garasjar ikkje byggjast større enn 49 m² grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Garasje kan integrerast i bustaden eller vere frittliggjande på tomta.
- Plassering av garasje parallelt med veg kan førast opp med ein avstand på 3.0 meter frå vegkant. Plassering av garasje med portopning som er orientert vinkelrett på veg skal ha ein avstand på 5.0 meter frå vegkant.
- Val av takform og takvinkel skal fastsettast av kommunen ved byggjeløyve. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass

LP1 – Frileik

- Område merka med LP1 (LEIK) er felles privat leikeareal for frileik. Plassen er open for ålmenta. Terrenget skal ikkje opparbeidast, men opparbeidd sti skal gå gjennom området som vist i planomtalen og knyte saman eksisterande og

nytt bustadområde. Eksisterande terrengformasjon skal takast vare på som areal for fri leik og rekreasjon. Endeleg trase for sti gjennom leikeplass blir bestemt ved utbygging.

- b. Leik for born i alderen over 7 år skal prioriterast.

LP2 – Leikeplass

a. Områda merka LP2 (LEIK) er felles privat leikeplass som skal opparbeidast. Plassen er open for ålmenta. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand som gjer det mogleg å opparbeide dei for leik og opphald. Leikearealet skal møblerast med minimum 3 leikeapparat. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

b. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Leikeplassar opparbeidast i samsvar med utformingskrav i kommunedelplanen slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med sandkasse, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassar skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.

Der leikeplassane grensar til trafikkareal (gangveg, veg, parkeringsplass etc.) skal det setjast opp klatresikkert gjerde.

§ 9 UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

- a. For område BF1 skal dei ikkje utbygd delane av tomtene utformast tiltalende og terrenget mot eksisterande bustader skal i størst mogleg grad takast vare på.
- b. For område BF2 vert det tillate med planering av tomtene til angitt kotenivå og ei terrasering av terrenget mot tilstøytande vegar og friområde.
- c. Det skal førast opp gjerde som sikring der dette er naudsynt.
- d. Mot felles privatveg kan det førast opp mur.
- e. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.
- f. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- g. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

- h. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- i. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgge enn 0,7 m over vegnivået. Innanfor frisisiktsone skal det vere fri sikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Herøy kommune sin eigen rettleiar for vegar og Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.

§ 10 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande areal

Avkøyrslar for bustadtomtene skal vere frå felles privat veg.

Det er ikkje regulert inn avkøyrslar i planen. Desse skal godkjennast av kommunen ved handsaming av byggesøknad til kvar enkelt tomt.

Følgjande vegar er vist som felles private vegar
- f_V2

Følgjande vegar er vist som offentlege vegar.
- o_V1 (veg)
- o_F1-2 (fortau)

Felles privat veg f_V2 skal vere tilkomst for framtidige bustader i FS-områda.
Avkøyrslar skal leggjast til felles privat veg.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16.

Fyllingar i tilknytting til vegareal skal tilplantast med stadeigen vegetasjon.

Skjeringar i tilknytting til vegareal kan bearbeidast med mur, tilplanting eller ein kombinasjon av dette saman med bart fjell.

I vegareal og areal for annan veggrunn kan det leggjast VA-leidningar, kummar, skap, EL-, tele- og fiberkablar, veglysmaster og andre installasjonar som er naudsynt for framføring av infrastruktur til bustadareala.

§ 11 – GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

Innanfor området skal det opparbeidast ein 2 (1,8) meter brei grusa sti mellom leikeplass og felles privat veg. Stien skal opparbeidast gjennom leikeområde L1 og møte tilsvarande sti i tilgrensande plan.

§ 12 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

- a. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal felles privat veg f_V2 med tilhøyrande infrastruktur vere opparbeidd med grusdekke.
- b. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal offentleg veg o_V1 og fortau o_F1-2 vere opparbeidd etter kommunal standard av utbyggjar. Opparbeiding skal avklarast med kommunen i samband med utbygging av tekniske anlegg.
- c. Leikeplass LP2 skal opparbeidast, planerast og møblerast med minimum 3 leikeapparat som kan nyttast av born i alderen 0-7 år. Leikeplassen skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor området.
- d. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal sti i meters breidde vere opparbeidd med grusdekke gjennom leikeplass LP1.


Føresegner revidert 06.02.2019

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i k-sak xx/xx i møte XXXX/201X

Fosnavåg, _____

ordførar

Graving – Sprenging – Transport – Planlegging – Byggsøk – Rådgiving



Planområde

DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3

«Nedre Sørليا GNR. 36, BNR. 2 M:FL»

PLAN-ID: 201725

PLANOMTALE

21.01.2019

INNHALD

1. SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET
2. NØKKELOPPLYSNINGAR
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET
4. PLANPROSESS
5. PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER
6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON
7. PLANFORSLAGET
8. KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET
9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN
10. VEDLEGG

1. SAMANDRAG

Forslagsstillars BT utbygging AS ynskjer med dette planarbeidet å utvikle området B69 til frittliggjande småhusbebyggelse med tilhøyrande infrastruktur og leikeplass.

Endring av området til bustad vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya og det maritime med nye naust i Herøy kommune. Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 11,5 daa. Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Det er tenkt 10 bustadtomter, vegar, fortau og leikeplass.

Området var tidlegare avsett til bustadområde i forslag til kommuneplanen i den delen som no er LNF-område. Utbyggjar vil no regulere ein del av dette området for å oppnå eit meir heilheilskapleg område for utbygging. Formannskapet har vore positive til planavgrensinga og innspel basert på varsel om oppstart av planarbeid tilseier også at planområdet bør avgrensast slik det no er søkt om for å oppnå ei mest mogleg heilskapleg utnytting.

Framtidig tilkomst til området er tenkt frå felles veg som startar ved Toftestøvegen med ny avkøyrsløp. Alle bustadtomtene vil få tilkomst frå ein felles veg.

Forslagsstillar meiner denne utbygginga må sjåast i eit meir overordna perspektiv for styrking av busettingsgrunnlaget i kommunen. Her er det rom for både utvikling av bustader og naust i eit kvalitativt godt miljø med vekt på det lokale og maritime, med nærleik mellom bustad, naust, sjø og båtliv. Planane meiner vi vil passe godt inn i Herøy sin visjon og overordna målsettingar som lokalsamfunn.

Planarbeidet er utført av B. Tarberg AS v/ Aleksander Zahl Tarberg.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Tettstad, bygd eller by:	Sørليا/Toftestøa (Bergsøya)
Adresse:	Nedre Sørليا, 6092 Fosnavåg
Eigedom (gnr / bnr):	Gnr.36 bnr.2 m.fl
Forslagstillar:	BT Utbygging AS
Plankonsulent:	B. Tarberg AS v/Aleksander Z. Tarberg
Eksisterande planstatus:	Kommuneplan for Herøy
Planområde sitt areal (daa):	11,5 daa
Nytt reguleringsføremål:	Bustad, køyreveg, leikeplass m.m
Grad av utnytting:	35%
Tal på nye einingar:	10 nye bustadtomter
Aktuelle problemstillingar:	
Kunngjering, dato:	16.02.2018
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei
Medverknad	Ikkje særskilte tiltak utover varsling etter PBL

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET


3.1 Planinitiativ

Forslagstillar ynskjer å omregulere arealet B69 til bustadføremål og nausttomter. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå sør mot vest med ny avkøyring frå den offentlege Toftestøvegen. Det er tenkt etablert leikeplass internt i bustadområdet, interne vegar, gangstiar/korridorar som gir grunnlag for framføring av infrastruktur.

3.2 Føremål med planforslaget

Føremålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye bustadtomter innanfor eit avgrensa område B69 i Sørliå. Forslagsstillar ynskjer å utvikle området (A) til bustadområde i samsvar med overordna kommuneplan.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem i området. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



3.3 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området eller utvalde naturtypar. Vi kan ikkje sjå at planarbeidet vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og at det difor ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing (KU) utover det som er tenkt skildra av konsekvensar av planforslaget i planomtalen. Kommunen har i oppstartsmøte vore samd i

denne vurderinga og stadfesta detta. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database.

3.4 Tiltakshavar, plankonsulent og eigarskap


Tiltakshavar for planarbeidet er BT utbygging AS. Planen er initiert som ein privat detaljreguleringsplan. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL)

4. PLANPROSESS

4.1 Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) blei det den 12.02.2018 varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Varslinga retta seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Oppstart av planarbeid blei varsla i form av varslingsbrev utsendt på e-post til grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og relevante lag/organisasjonar. Varslingsdokumenta blei sendt til kommunen, men desse er ikkje registrert kunngjort på kommunen sine nettsider per dato. Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort gjennom annonse i Vestlandsnytt 16.02.2018.



Bilete 1: Planområdet si avgrensing

4.2 Medverknad

I samband med oppstart av planarbeid er det kome i alt 7 innspel. Desse følgjer som vedlegg til planomtalen i sin heilskap. I vedlegg til planomtalen følgjer også forslagsstillar og plankonsulent sine vurderingar kring dei innspela som er kome. Det går der fram korleis innspela er teke omsyn til i planarbeidet.

I denne planen er det gjennomført tiltak for å sikre medverknad utover minstekrava i plan-og bygningslova (PBL). Det er den 01.03.2018 arrangert eit ope møte ute i planområdet, der utbyggar presenterte ein del tankar rundt korleis ein ynskjer å bygge ut planområdet. Referat frå møte ligg vedlagt. Hovudintrykket frå møtet var at dei frammmøtte i utgangspunktet er positive til planane, men at dei naturleg nok har innspel sett ut i frå sine interesser som etablerte innbyggjarar i området.


Vi viser elles til vedlagt referat frå møte og skjema for vurdering av innspel til planarbeidet for meir informasjon rundt medverknad.

5. PLANSTATUS OG AREALBRUK

5.1 Planstatus


Reguleringsplanar:

Det er per i dag ingen reguleringsplan som omfattar området B69, men området grenser til gjeldande plan for Sørli. PlanID 200205, vedtatt 17.08.2010.



Kartutsnitt med eksisterande plan for etablert bebyggelse i Sørli.

Kommuneplan:



Kartutsnitt med eksisterande arealstatus for kommuneplan for området i Sørliå.

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er eit område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Reguleringsplanen vil i hovudsak vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya og det maritime med nye naust i Herøy kommune.

Intensjonen med denne reguleringa er soleis i samsvar med dei overordna målsettingane i kommuneplanens areal for Herøy.

Samfunnsdel

I gjeldande samfunnsdel er satsingsområdet «Verdiskaping» omtalt som relevant punkt for planarbeidet. Det blir vist til tekst i samfunnsplanen: *«Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for verdiskapinga i kommunen. Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser»*

Temaplanar

Ingen særskilde.

Statlege planretningslinjer, bestemmelser og regionale planar med relevans for planarbeidet:

SPR Styrking av barn og unges interesser i planleggingen

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, bidrar til å oppfylle Norges forpliktelser etter FNs barnekonvensjon og skal synleggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

SPR Samordnet bolig, areal og transportplanlegging

Hensikten med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging er å oppnå samordning av bolig-, areal- og transport-planleggingen og bidra til mer effektive planprosesser. Retningslinjene skal bidra til et godt og produktivt samspill mellom kommuner, stat og utbyggere for å sikre god steds- og byutvikling.

SPR Differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen følger opp den nye plan- og bygningsloven, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta allmennhetens interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kysten inn i tre områder. Det er strengest føringer der det er størst press på arealene, mens det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planer, spesielt til næringsutvikling, som for eksempel sjørettede reiselivsanlegg.

Vi ligg i sone 3: De mindre sentrale delene av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelagskysten, og for alle kystkommunene i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark: Ikke like strenge føringer.

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

6.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert i Toftestøa på Bergsøya i Herøy kommune. Det er i dag etablert bebyggelse nord- og aust for planområdet, samt naust sørvest for området. Veggen til nausta i Toftestøa blir naturleg tilkomstveg til planområdet.

6.2 Avgrensing av planområdet

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen.


6.3 Dagens arealbruk og naboareal

Arealbruken for tilstøytande teigar og parseller blir i dag brukt til bustadføremål, eksisterande bebygde bustadtomter og naust i sør mot Toftestøda.

6.4 Eksisterande busetnad i området


Det er ikkje lokalisert noko eksisterande busetnad innanfor planområdet.

6.5 Topografi og landskapstrekk



3D illustrasjon som viser dagens topografi i området.

Planområdet ligg i eit kuppert terreng, med tynt vegetasjonsdekke og grunnfjell i dagen. Kringliggjande bebyggelse har ved etablering gjort inngrep i terrenget for naboareal ved etablering. Dette gjeld både for naustområdet og for eksisterande bustadhus som er etablert i Sørليا byggefelt.



3D illustrasjon som viser dagens topografi i området.



Landskapet i området er kuppert med ein typisk kystlandskap. Bart snaufjell er dominerande og med eit tynt vegetasjonsdekke. Det er frå eldre tider tippa noko steinmasser i området. Grunneigar opplyser at dette kjem frå gamle avtalar der området blei nytta som mellom lagring av stein for tidlegare entreprenør. Det er etablert ein markant fjellrygg i søndre, nordre og vestre del av planområdet.



Steinsprangskart frå NGU viser at det ikkje er fare for steinras i området.

6.7 Solforhold

Området ligg sørvendt med gode solforhold for både leikeplass, uteområde og nye bustadtomter.

6.8 Vegetasjon og dyreliv

Det er så vidt vi kjenner til ikkje utvalde naturtypar eller raudlista artar innanfor planområdet i dag. Området er etter vår kunnskap heller ikkje ferdselsområde for hjort eller småvilt.

6.9 Naturforhold

Etter ein gjennomgang i Direktoratet sin database og lokale kommunale rapportar, kan ein ikkje sjå at det føreligg kunnskap om utvalde naturtypar, sårbare områder eller områder med truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

6.10 Barn og unge sine interesser

Deler av planområdet, det vil seie det som i plankartet er merka med LP1 vert i dag nytta av barn og unge. Området er tenkt bevart slik i reguleringsplanen ved at det blir regulert til leikeplass – frileik.

6.11 Kulturminneverdiar

Det er ikkje registrert arkeologiske funn i området eller automatisk freda kulturminne. Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga har vore på synfaring i området og ynskjer å undersøke området med prøvestikk. Her er ikkje tidlegare gjort funn av kulturminne i området.

6.12 Veg og trafikkforhold

Det er i dag etablert ein veg i planområdet i nærleiken av planområdet og planlagt 1 ny veg. Veg 1 – Toftestøvegen (Kommunal veg). Denne vegen er tilkomst til naustområda i sør. Nye bustadtomter har tenkt å ha tilkomst frå ein felles privat veg (ny veg) som skal ha avkøyrse til Toftestøvegen.

Den etablerte Toftestøvegen har i dag ein varierende vegstandard og utbyggar er innstilt på ein dialog med kommunen rundt standard på vegen i samband med utbygginga.

6.13 Støy frå vegtrafikk

Det er ikkje registrert støykjelder i nærleiken av planområdet.

6.14 Offentleg kommunikasjon

Det er ikkje offentleg kommunikasjon eller bussforbindelse i området. Næraste er fylkesveg 654.

6.15 Vatn, avløp og overvatn

Vassleidningar: Det er i dag etablert private vassleidningar på sørsida av Toftestøvegen. Ein er ikkje kjend med at det går leidningar gjennom planområdet.

Dreneringssystemet: For nye tomter vert det planlagt system for handtering av overvatn som skal koplast til kommunalt ledningsnett. Detaljar kring dette vil gå fram av VA-plan for området.

Avløp: For nye tomter skal desse knytast til nytt felles avløpssystem som skal koplast til kommunalt hovudnett. Detaljar kring dette vil gå fram av VA-plan for området.

6.16 Energi- og teleløyningar

Mørenett melder at dei kan forsyne feltet via straum frå sør RA2.

Utbyggar lokaliserer trekkerør i Toftestøvegen og grave dette med seg fram til bustadfeltet for vidare fordeling av straumforsyning til feltet. I vidare offentleg høyring vil ein avklare behov for fiber. Detaljar rundt dette vil gå fram av IN-plan for området.

6.17 Privat og offentleg servicetilbod

Det eksisterer ikkje private eller offentlege servicetilbod innanfor eller i nærleiken av planområdet.

6.18 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen. Her er ingen særskilde moment.

6.19 Grunnforhold

Det er ikkje registrert særskilte forhold ved grunnforholda i området. Området er prega av eit tynt vegetasjonsdekke med grunnfjell i dagen mange stader i planområdet. Dette teikn på god byggegrunn. Ein har ikkje registrert at det er avsetningar som utgjer fare eller ustabile forhold kring utfylling og opparbeiding av terrenget i området. Tilgjengeleg kunnskap, erfaringar og kommunikasjon med kjentfolk i området kan heller ikkje peike på at det eksisterer usikre grunnforhold i nærområdet.

6.20 Havnivåstigning og bølgepåverknad


Området ligg såpass høgt over havet at dette ikkje er ei relevant problemstilling.

6.21 Luftforureining

Ein er ikkje kjend med at det er luftforureining innanfor eller i nærleiken av dagens planområde.

7. PLANFORSLAG

7.1 Arealbruk



Planforslaget legg til rette for totalt 10 områder for frittliggjande bustader. Det eine av desse områda omfattar to eksisterande bebygde bustadeigedomar, medan det andre område er tenkt som tilleggsareal til eksisterande bebyggelse. Dei to nye FS-områda omhandlar nye bustadtomter. Det vidare planlagt intern tilkomstveg med tilhøyrande annan veggrunn og nye leikeplassar.

7.2 Arealformål

Formål	Areal (daa)
BFF1 – Frittliggjande småhusbebyggelse	2,2
BFF2 – Frittliggjande småhusbebyggelse	2,4
BFF3 – Frittliggjande småhusbebyggelse	3,0
f_V1 – felles privat veg	0,7
o_V1 – Offentleg veg	0,7
O_F1 – Fortau	0,2
O_F2 – Fortau	0,06
AVG – Annan veggrunn tekniske anlegg	0,2
LP1 – Leikeplass	0,3
LP2 - Leikeplass	0,2
Sti – Grønnstruktur	0,04


7.3 Byggeareal

BFF – frittliggjande bustader

I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon. Grad av utnytting for tomtene er maksimalt BYA= 35% pr tomt.

Beregning av bebygd areal (BYA)

Bebygd areal (BYA) for en tomt er summen av bebygd areal for alle bygninger, bygningsdeler og konstruksjoner over bakken, åpent overbygd areal og nødvendig areal for biloppstillingsplasser på tomta. Bebygd areal på en tomt skrives m²-BYA og angis i hele tall. Bebygd areal beregnes med utgangspunkt i NS 3940, tillagt nødvendig parkeringsareal etter TEK10 § 5-7.



Figur 2-4 Bebygd areal (BYA) for en tomt

I område merka FS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m.

Det er planlagt i alt 10 tomter innanfor planområdet der det kan byggast anten to-mannsbustader eller einebustader med leilegheit på kvar tomt. Byggjehøgder og utnyttingsgrad er innanfor det som er normalt for eit frittliggjande bustadområde.

Dei 10 tomtene i planforslaget varierer i storleik mellom 718 m² til 847 m² og er fint plassert innanfor byggegrensen på 5.0 meter frå formålsgrense veg og 4.0 meter frå formålsgrense byggeareal.

7.4 LP - Leikeplassar


I planforslaget er det vist to leikeplassar:

Leikeplass f_LP2 er tenkt møblert opparbeidd leikeplass og leikeplass f_LP1 som areal for fri leik/klatring og basert på eksisterande terrengformasjon (haug). Ved å sikre det mest brukte arealet av barna, så vurderer ein det slik at det kan forsvarast at det kan gjerast terenginggrep andre stader i planområdet.

Ved å legge tilrette for to ulike typar leikeareal, vil ein sikre mangfald og variasjon for barna som veks opp i det nye bustadområdet. Her vil barn i ulike alder få møte sine behov for nærleik. Leikeplassane ligg sørvendt og har gode solforhold. Ei opparbeiding av leikeplassen i sør med minimum 3 leikeapparat vil sikre at barn og unge får kvalitativt gode areal som vil styrke deira interesser.


Nærleikeplass i samsvar med krava i kommuneplanens arealdel og i samsvar med krava i innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre Romsdal fylkeskommune. Leikeplassen er over 200 m² stor. Leikeplassen blir definert som nærleikeplass og er i kort gåavstand frå bueiningane. Det er gjennomført ei sol/skuggeanalyse ved vårjamndøgn som syner at leikeplassen lengst mot sør har eit skuggeforhold under 50 % ved vårjamndøgn.

Leikeplassen er planlagt med rekkjefølgjekrav til møblering av leikeapparat og leikeplassane skal opparbeidast før nye bueiningar kan takast i bruk.



Leikeplass LP2 er lokalisert slik i planområdet at den er tilgjengelig frå vegen, noko som gir grunnlag for universell utforming og dei kan brukast av alle uansett funksjonsevne.

Etter vår vurdering er leikeplassen kvalitativt godt lokalisert og i samsvar med kommuneplanens arealdel, krav frå regionale og statleg instans, samt rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Leikeplassen ferdig opparbeidd vil styrke interessene for barn og unge i nærmiljøet.



Kartutsnitt som viser vidareføring av sti gjennom leikeplass.

Den er planlagde stien er tenkt vidareført gjennom leikeplassen og gjennom regulert friområde i eksisterande plan og tilslutta opparbeidd veg i Sørliå.

7.5 – Veg

Vegen o_V1 i området er regulert som kommunal veg med o_F1 fortau. Vegen er regulert i ei breidde på 5.0 m og fortau 3.0 meter og anna veggrunn 1.0 meter. Dette vil gi moglegheit for ei vesentleg oppgradering av dagens vegstandard til Toftestøa.

Vegen f_V2 er regulert som felles privat med ei breidde på 4.0 meter.

Vendehammar er dimensjonert for LL (liten lastebil) utforma etter krava i rettleiaren.


Vegen har ei lengde på 117.4 meter og er planlagt med ei maksimal stigning på 12.5 %.

Det er innteikna frisisiktslinjer i vegkryss mellom o_V1 og f_V2.




F_v2 med profilmerking

Lengdeprofil for intern tilkomstveg – f_V2



Lengdeprofil for snuplass tilkomstveg – f_V2



7.7 Parkering

Parkering skal opparbeidast på eigen grunn og kommunen sine parkeringsvedtekter heimla i føresegnene til kommuneplanens arealdel for Herøy skal vere gjeldande.

7.8 Renovasjon

Området har i dag renovasjonsløysing frå søre Sunnmøre reinhaldsverk. Det er lagt til rette for vendehammar som er dimensjonert for liten lastebil etter kommunen sin vegnormal, slik at mellom anna renovasjonsbil skal kunne ha moglegheiter for tilkomst til å hente avfall i bustadområdet.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd ei ROS-analyse etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ved ein gjennomgang av sjekklister ser ein at det ikkje er særskilde forhold knytt til risiko og sårbarheit for dette planområdet.

7.10 Universell utforming

Området ligg i lågtliggjande terreng med vegar og opparbeidde flater. Tilkomstveg frå aust til vest, gir gode moglegheiter for universell utforming. Vedlagt vegprofilar viser at terrenget i området ikkje bør by på utfordringar knytt til i ivareta krava om universell utforming ved planlegging og bygging av nye bueiningar.

7.11 Naturmangfald

Kunnskap (§8):

Vi oppfatar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Vi har undersøkt tilgjengelege databasar for naturmangfald og teke utgangspunkt i tilgjengeleg kunnskap frå Miljødirektoratet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet i Nedre Sørli.

Samla belastning (§10):

Det er i Herøy kommune registrert om lag ca 160 andre førekomstar av artsområde. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Vi viser til at kommunen i gjeldande kommuneplan vurderte innspel om plassering av området.

Samla belastninga:

Basert på ovannemnde vurdering av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

7.12 Barn og unge

Nærleikeplassen i planområdet vil ivareta interessene til barn og unge. Det er stilt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av leikeplassen for å sikre at den blir realisert og klargjort før nye innbyggjarane flyttar inn på tomtene. Dette vil bidra til å skape eit kvalitativt godt bumiljø.

7.13 Infrastruktur

Det vil vere naudsynt å bygge ut ny infrastruktur, særskilt leidningsnett for VA, EL/tele og veg, som følgje av nye bueningar. Detaljar kring dette går fram av utarbeidd VA-plan for området. Endeleg detaljar rundt infrastruktur utover det som er fastsett i reguleringsplan vil kome fram i prosjektering og byggesøknad i forkant av utbygging.

Spillvann: Leidningsanlegget er planlagt ihht til vedlagt illustrasjon. Anlegget er tenkt felles privat og tilkopa det kommunale leidningsanlegget i aust.

Overvatn: For tomtene vert dette leia i privat fellesleidningsnett til kommunalt tilkoplingspunkt i felles grøft med spillvatn.

Sandfangkummer i grøft.

Vassforsyning: Privat vassforsyningsanlegg med brannvatn til brannkum i kryss. I brannkum blir fordeling til bustadtomter og naust.

7.14 Rekkjefølgjekrav i plan

Ein viser her til vedlagt reguleringsføresegner.

8 KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

8.1 Overordna planar og vedtak

Ingen særskilde. Planforslaget følgjer stort sett opp hovudtrekka i kommuneplanen, med unntak av at noko LNF-område blir omregulert til naust og bustadområde.

8.2 Eksisterande reguleringsplanar

Ingen særskilde. Planforslaget grensar inn til eksisterande plan.

8.3 Barn og unges interesser i nærmiljøet

Positivt, då ein legg til rette for både fri leik og moglegheit for tilrettelagt for at born og unge kan opphalde seg i området. Leikeplassar blir sikra gjennom arealstatus og rekkjefølgjekrav.


8.4 Estetikk, arkitektur og landskap




3D perspektiv av dagens situasjon

Utbygginga slik den er tenkt vil innebære 10 nye bustadtomter, 12 naust, 2 leikeplassar, sti og fortau/vegformål.


Plangrepet vil medføre inngrep i eksisterande terreng, noko anna vil vere bort i mot uråd dersom ein skal få til utbygging. Bustadfeltet er planlagt slik at byggeareala vil bli terrassert i terrenget med fleire nivå i forhold til veg og byggegroper. Dette vil mellom anna medføre ei endring av dagens landskap.



3D perspektiv utbygd område – sør



3D perspektiv utbygd område – aust



3D perspektiv utbygd område – fjernverknad ovanfrå (fugleperspektiv)

Ved planlegging har ein lagt vekt på fleire element i forhold til høgdeskilnader mellom veg og tomteareal. Det er mellom anna forsøkt å legge vegen lågt i terrenget for å ta omsyn til etablert busetnad i Sørli, det vil seie dei bustadane som grenser inn mot bustadfeltet.

Ein har i planforslaget lagt vekt på innspela som har kome på den måten at ein har valt eit kotenivå for vegen som eit førande element for tomtene på begge nivå. Ein har her i størst mogleg grad valt å lytte til innspelet som har kome frå naboar i Sørli. Samstundes som kan få til ei fornuftig og økonomisk forsvarleg utbygging av bustadområdet slik planforslaget no er utforma. Vi meiner denne planen no er eit godt kompromiss mellom naboane sine interesser og utbygger sine interesser.


Plangrepet vil medføre ei utbygging etter trappetrinnsprinsippet, der tomtene i nord (nr 1-6) vil ligge på det høgaste nivået, deretter kjem vegkroppen med sitt stigande høgdenivå frå profil 0, for deretter å få tomtene i sør (nr 7-10) på eit lågare nivå enn vegen.

For å sikre at utbygginga resulterer i at området får ein estetisk god utsjånad etter utbygging, ser ein det som relevant å bruke tilbakefylling av jordmassar for å kle skråningar med solda (finbehandla) jordmassar og tilsåing som avbøtande tiltak. Særskilt vil dette gjelde etablering av ei skråning sør for tomtene nr 7-10. Men også øvrige overgangar mellom dei ulike nivå i landskapet vil jordskråning vere aktuelt. Dette er noko som vil medføre at dei områda som ikkje er bebygd areal vil framstå som grønne skråningar, framfor dominerande fjellskjeringar. I plasskrevjande tilfeller vil utbygger sjå dei grønne skråningane i kombinasjon med natursteinsmurar. Dette meiner ein vil vere eit rett grep når det kjem til avbøtande tiltak i forhold til terrengbearbeiding for dette prosjektet.

Ein viser elles til dei 3D illustrasjonar, planteikningar og terrengsnitt som følger planforslaget.


8.5 Naboar og tilstøytande areal

Det vil ikkje ha nemneverdige konsekvensar for naboane, då vi skal opparbeide tomtene etter «trappetrinns-prinsippet». Ingen av tomtene kjem på høgde med den bak, og husa vil såleis ikkje vere skjemma for husa bak. Sjå terrengsnitt nedanfor.




3D illustrasjon som viser at nye bygg kjem lågare i terrenget enn etablert bebyggelse.

TERRENGSNITT GJENNOM PLANOMRÅDE FRÅ NORD TIL SØR: A – H




For å illustrerer konsekvensane av ei mogleg utbygging for naboar til planområdet har ein her laga snitt A-J frå vest til aust. Her er bygg og vegar plassert inn i terrenget i riktig målestokk i høve føresegnene. NB! Høgder på tomter og bygg kan endre seg som følgje av seinare byggesak, men ein meiner at dette vil gi eit realistisk bilete av konsekvensane.


Terrengsnitt A




Terrengsnitt B




Terrengschnitt C




Terrengschnitt D




Terrengschnitt E




Terrengschnitt F,G




Terrengschnitt H



Terrengsnitt I



Terrenfsnitt J



8.6 Trafikk og parkeringsforhold

Offentleg veg fram til planområde, privat felles veg til tomtene. Parkering skal skje på eigedommane. Ved naustområde skal parkering skje framfor naustport. Sjå illustrasjonsplan.

8.7 Kulturminne og kulturmiljø

Vi har saman med kulturavdelinga hatt ei synfaring i området. Det skal gjennomførast ei avgrensa registrering i høve potensiale for automatisk freda kulturminne i området.

8.8 Friluftsliv

Ingen særskilde. Det går i dag ein privat sti gjennom området som rettighetshavar har avtale på skal fjernast ved utbygging. Kanalisering av trakk ynskjer ein skal skje på regulert sti.

8.9 Natur og miljøforhold

Ingen særskilde, ein viser til vedlagt vurdering i høve naturmangfald.

8.10 Privat og offentlege servicetilbod

Ingen særskilde

8.11 Risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilde, ein viser til vedlagt vurdering i sjekklste.

8.12 Infrastruktur

Planforslaget vil medføre bygging av ny felles privat infrastruktur. Reguleringsplan vil gi rom for oppgradering av offentleg veg og fortau.

8.13 Næringsinteresser

Ingen særskilde


8.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilde

8 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Vedlagt planomtalen følger dei innspela som har kome til planarbeidet og kommentar til korleis dei ulike innspela har blitt vurdert i høve utforming av planforslaget.

Det er gjennomført medverknadsmøte ute i planområdet. Sjå referat som oppsummerer dette møtet.



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder / planleggar

B.TARBERG AS

Mob: 46674461

E-post: aleksander@btarberg.no

VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Vurdering av naturmangfald
3. Innspel til planarbeidet (samla)
4. Vurdering av innspel til varsel om oppstart
5. Referat frå medverknadsmøte
6. Referat frå oppstartsmøte
7. Varslingsdokument oppstart av planarbeid

ROS- ANALYSE FOR REGULERINGSPLAN


«Detaljreguleringsplan for Nedre Sørli bustadfelt» (PLAN-ID: 201801)

1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av planar for utbygging stiller plan- og bygningslova krav til at det skal vere utarbeidd ROS-analyse for planområdet. (§4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse.) Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbyggingsplanane og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Målet er at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneskjer, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen.

2. Metode

Metoden i denne analysen er basert på rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen.» (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2010.) Skjematisk kan arbeidet og metoden framstillast slik:



Gjennom dette arbeidet med ROS-analysen er det nytta fleire kjelder for innhenting av faktaopplysningar. Analysen byggjer soleis på eksisterande kunnskap frå ulike databaser, synfaringar i felt og lokal kunnskap om området.

Problemstillinger		Vurdering		
		Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte farer				
Skred	Er planområdet utsett for snø-, is-, jord-, steinskred eller fjellskred (se Skrednett)?		x	
	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold, dårlig byggegrunn), eks. kvikkleire (se NGU, kart og data)?		x	
	Har det tidligere gått skred i eller nær området, eks er det identifisert skredvifter i området?		x	
	Planlegges det tiltak nærmere bratt /masseførende bekk enn 20 meter?		x	
Flom	Er planområdet utsett for flom eller flomskred, også når en tar hensyn til økt nedbør som følge klimaendringer (se NVE Atlas)?		x	
	Problemer med overflatevann, avløpssystem, lukkede bekker, oversvømmelse i kjellere osv?		x	
Stormflo	Er området utsatt for stormflo, også når en tar hensyn til havnivåstigning som følge av klimaendringer?		x	
	Er området utsatt for bølgepåvirkning eller oppstuvning av flomvann (elveutløp) i kombinasjon med stormflo?		x	
Vind og nedbør	Er området spesielt utsatt for sterk vind eller store nedbørsmengder eks. snø?		x	
Skog – og lyngbrann	Er området utsatt for tørke eller spesiell brannrisiko som følge av toglinje, veier, lynnedslag mm?		x	
Radon	Har kommunen rutiner for oppfølging av kravene om radonsperre i Tek10?		x	

Kritisk infrastruktur /samfunnsfunksjoner			
Samferdsel /transport	Vil uønskede hendelser på nærliggende transportnett, utgjøre en risiko for planområdet?		x
	- Vei, bru, tunnel?		x
	- Sjø, vann, elv, havneanlegg?		x
	- Jernbane?		x
	- Flyplass?		x
	Kan området bli isolert som følge av blokkert transportnett, eks som følge av naturhendelser?		x
	Er det transport av farlig gods i området?		x
	Er det kjente ulykkespunkter på transportnettet i området?		x
	Er det spesielle farer forbundet med bruk av transportnettet for gående, syklende og kjørende innen området?		x
	- Til skole og barnehage?		x
	- Til nærmiljøanlegg, idrettsanlegg mv.?		x
	- Til butikker og service?		x
	- Til busstopp?		x
Vann- forsyning	Ligger tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevann eller drikkevannskilde?		x
	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke /sikre vannforsyningen i området?		x
	Er planlagte tiltak / virksomhet spesielt sårbar for svikt i vannforsyningen?		x
Avløp	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke avløpsnettet i området, eks overflatevann og tette flater?		x
	Er utslipp, avfallshåndtering, spillvann, renovasjon osv. ei problemstilling?		x
Kraftforsyning	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i kraftforsyningen?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x
	Er området påvirket av magnetfelt fra høyspentlinjer?		x
Ekonomi	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i økonomi (telefon og internett)?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x

Virksomheter som representerer spesiell fare			
	Medfører planen etablering av virksomhet (produksjon, lagring eller transport av farlige stoffer) som innebærer spesiell risiko?		x
	Vil uønskede hendelser hos risikovirksomheter utenfor planområdet (industriforetak, lager eller tankanlegg) utgjøre en risiko for planen?		x
	Fare for utslipp av farlige stoffer, kjemikalier, gasser eller væsker?		x
	Fare for brann og eksplosjon?		x
	Faller virksomheten innenfor storulykkesforskriften?		x
	Ligger planområdet innenfor en dambruddssone?		x
	Berøres planområdet av militært eller sivilt skytefelt?		x
Virksomheter med kritiske samfunnsfunksjoner			
	Medfører planen etablering av samfunns viktig virksomhet (helse- og omsorgsinstitusjon, skole, barnehage osv.) som er spesielt sårbar for bortfall av kritisk infrastruktur (samferdsel, vann og avløp, kraftforsyning, ekom mm)?		x
	Er planlagt virksomhet sårbar for andre forhold?		x
Farlige omgivelser			
	Er det regulerte vannmagasin med spesiell fare for usikker is i nærheten?		x
	Er det terrengformasjoner som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x
	Annet (spesifiser)?		x
Er området påvirket eller forurenset som følge av tidligere bruk			
	Er området påvirket av tidligere virksomhet, eks forurenset grunn /sjøbunn /sediment?		x
	Industrivirksomhet som for eks. avfallsdeponering?		x
	Gruver: åpne sjakter, steintipper etc.?		x
	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringer etc.?		x
	Annet (spesifiser)?		x
Ulovlig virksomhet			
	Er tiltaket i seg selv et sabotasje-/terrormål?		x
	Finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærheten?		x
Brann- og ulykkesberedskap			
	Har området tilstrekkelig slukkevannforsyning (mengde og trykk)?		x
	Utrykningstid, spesielle brannobjekt i området?		x
	Har området tilstrekkelig adkomst for utrykningskjøretøy?	x	

Sjekklista er gjennomgått 22.03.2017 Sign.: Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]
Sendt: 06.06.2018 08:15:16
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Innspel til detaljreguleringsplan for Nedre Sørليا

Fra: Rune Paulsen <rune@xpro.no>
Sendt: 5. juni 2018 15:31
Til: Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>
Kopi: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Emne: Innspel til detaljreguleringsplan for Nedre Sørليا

Hei,

Viser til innsendt innspel 18.04.2018, i høve forslag til reguleringsplan Gnr 36/2 i Toftestøda, datert 17.04.2018

På vegne av Per Odd Paulsen, ynskjer ein tilbakemelding på kvifor desse innspela ikkje er kommentert i forslag til reguleringsplan.

Det er også underleg at Herøy Kommune ikkje har regulert inn gang og sykkelveg frå Kvithaugsmyrvegen og fram til denne nye utbygginga i Toftestøda. Dette blir ein trafikal flaskehals og kjem til å vere sær sars farleg for mjuke trafikantar sidan trafikken kjem til å auke monaleg framover. Denne vegen vert nesten dagleg også nytta av fleire barnehagar og skular som er på tur til badeplassen og barnehagenaustet i Toftestøda.

Mvh
Rune Paulsen
rune@xpro.no
+4795087377

Per Odd Paulsen
Vikevegen 14
6092 Fosnavåg

Fosnavåg 17.04.2018

Herøy Kommune, Planavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Planavdelinga
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga
Klima- og Miljødepartementet

ANG. FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN PÅ GNR. 36 BNR 2 MFL. I HERØY

Vi viser til forslag til reguleringsplan for eit nytt bustadområde i Nedre Sørليا, utarbeidd av B. Tarberg AS.

Den 03.07.2014 sende vi inn eit brev til Herøy Kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal der vi påpeikte at vi på 80- og 90 talet gjorde forsøk på å få regulert inn dette området til bustadføremål. Dette fekk vi ikkje godkjent **då området var definert som friluftsområde**. Kvifor er haldninga til dette endra berre nokre få år seinare? Kva er grunnen til ulik handsaming?

Når det gjeld omsynet til friluftsområde og miljø, viser vi til følgande høyringsutalingar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

- 1. Miljøvernleiaren hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Odd Høgset** rådde i brev av 22.01.1985 og 01.08.1986 at arealet mellom bustadfeltet Sørليا og Toftestøda skulle regulerast til friluftsområde. Han sa også vidare at det er også ønskeleg at det vert sett av parkeringsareal for Toftestøda friluftsområde.
- 2. Fylkesfriluftsnemnda i Møre og Romsdal ved Harald Ørshal** sa i brev av 04.09.1986 at arealet ved sjøen (mellom bustadfeltet Sørليا og Toftestøda) kan regulerast til friluftsføremål.

Vi meiner det er særst uheldig at dette området som reguleringsforslaget omhandlar, skal planerast i den grad slik det er foreslått. Det særreigne landskapet med lave fjellknausar er eit kjennemerke for sørsida av Bergsøya som ein ikkje finn maken til, og bør bevarast for ettertida. Her må ein tenke området Eggesbønes, Grønhaug, Toftestøda, Vikane og mot lgesund (sørsida av Bergsøya) under eitt med tanke på bevaring av friluftsområde og natur.

I fylgje reguleringsforslaget er det planlagt 12 naust tett langs med Toftestøvegen. For det første så har ikkje eigar av Gnr 36 Bnr. 2/129 rettar i Toftestøda med tanke på naust eller båt plass. Toftestøda er allereie fylt opp til den maksimale grensa med tanke på kva som er og skal byggast av naust i høve til rettsbok frå Sunnmøre Jordskifterett datert 08.01.2009.

Vidare er vi særst bekymra for den branntekniske delen slik som nausta er teikna inn. Til informasjon er det ingen tilknytning til sløkkevatn i området verken for naust eller bustadar.

Vidare har vi ikkje sett informasjon om korleis det er tenkt at dreinsvatnet frå dette bustadfeltet inkl. nausta skal leiast.

Dersom reguleringsplanen vert godkjent som foreslått, vil det innsnevre trafikkavviklinga til/frå Toftestøda. Vi er særst bekymra for korleis dette evt. vil påvirke vår vegrett til eigedomen vår på Gnr 36 Bnr. 51. Vi kan ikkje akseptere at denne retten vert innskrenka som følge av dette. Vi ser også av planforslaget at det er avsett alt for liten plass til parkering av bilar/båtar framfor dei planlagde nausta. Dette kan lett bli konfliktfylt med tanke på passerande køyretøy.

Dersom desse planane vert realisert, vil det auke trafikkmengda til/frå Toftestøda og bustadfeltet i Sørli. Korleis er det tenkt med tanke på omsynet til mjuke trafikantar? Vi kan ikkje sjå av planforslaget at det vert lagt opp til utviding av eksisterande Toftestøveg frå krysset ved Kvithaugsmyrvegen, slik at ein kan få etablere gang og sykkelveg.

Med helsing



Per Odd Paulsen

Diverse vedlegg

Per Odd Paulsen
Vikevegen 14
6092 Fosnavåg

Fosnavåg 03.07.2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesfriluftsnemnda i Møre og Romsdal
Herøy Kommune v/Planavdelinga

ANG. REGULERINGSPLAN AV 26/6 2014 FOR BERGSØYA, GNR. 36 BNR 2 I HERØY

Denne nye reguleringsplanen inneheld eit område (RP) som grensar til bustadfeltet Nedre Sørليا og land kommunevegen til Toftestøda.


På 80- og 90 talet fekk vi godkjent regulering for eit bustadfelt i dette området som fekk namnet «Sørليا». Vi prøvde å få regulert inn det same området som no er merka med RP i vår regulering. Vi fekk ikkje godkjenning av dette på grunn av at området vart definert som friluftsområde.

Vi kan ikkje sjå nokon grunn til grunngjevingane frå **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesfriluftsnemna, Planavdelinga hos Fylkesmannen og Miljøverndepartementet** ikkje skal stå ved lag i dag også. Sjå vedlegg med kopi av denne korrespondansen.

Vi meiner at dette særeigne området med til dels store bergknausar og kupert terreng bør bevarast.

Vi vil difor med dette kome med ei formelt innspel i at området merka RP på reguleringskartet av 26.06.2014 vert regulert til friluftsområde.

Med helsing



Per Odd Paulsen

Vedlegg: Fleire innspel frå Fylkesmannen, Planavdelinga, Fylkesfriluftsnemnda og Miljøverndepartementet



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 54 111 (SENTRALBORD)
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

Herøy kommune
Teknisk etat
6090 FOSNAVÅG

MOTTATT		
J. nr	Mottatt	Arkiv
122	23 185	

DYKKAR
DERES REF.

VÅR REF. (BØR GJEVAST OPP VED SVAR)
(BØR OPPGJE VED SVAR)

DATO

A 17109, 17543/84/714/KL/OW

22. januar 1985

FRANLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE

Vi viser til plan sist datert 20.11.84.

Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga finn i prinsippet å kunne rå til at kommunen legg til rette for bustadbygging i området. Husa vil truleg ikkje kome i konflikt med spesielle natur- eller friluftsiinteresser. Avstanden til Toftestøa friluftsområde skulle vere tilstrekkeleg, men vi ser det som ønskeleg at kommunen i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Planavdelinga, vurderer grundig dei landskapsmessige konsekvensane ved bygging.

I plansamanheng vil vi rå til at arealet mellom bustadfeltet og sjøen blir regulert som friluftsområde og at behovet for naust blir vurdert. Det er også ønskeleg at det under det vidare reguleringsplanarbeidet blir sett av parkeringsareal for Toftestøa friluftsområde.

Vi har ikkje merknader til den aktuelle avløpsløyising.

Planframlegget vil bli lagt fram for fylkesfriluftsnemnda til fråsegn.

Etter fullmakt

Odd Høgsø
miljøvernleiar

Kjell Lyse

Gjenpart:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Planavdelinga



Herøy kommune

6090 FOSNAVÅG

Saksnummer		
1640	Mottatt 12/5-86	504.23

2

TEKNIK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
971	14 5-86	

Dykkar ref.:

Vår ref.:
1014/714/86/EKB/AMS

Dato:
07.05.86

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ VIKANE

I høve til vår tidlegare fråsegn, er det merknadane om utviding av planområdet som det ikkje er teke omsyn til i TU-sak 23/86.

Sjølv om denne merknaden berre gjeld størrelsen av eit reguleringsområde, er ein likevel inne på prinsipielt viktig plan- og regulerings spørsmål. Normalt bør reguleringsplanar for utbyggingsområda omfatte dei tilgrensande grøne områda, enten dette er jordbruksområde eller friområde. Uregulerte smale striper mellom utbyggingsareal og sjøen vil lett bli utsett for utbyggingspress og ein meir tilfeldig utnytting. Dette er ikkje berre problematisk i høve til kommunens styrings- og reguleringsansvar men også i høve til dei som har busett seg i området, og dei krav desse har til å vite kva naboareala blir nytta til. Sjølv om vi ikkje vil gå imot eigengodkjenning, rår vi likevel til at spørsmålet om avgrensing av planområdet blir vurdert på nytt i dei kommunale organa.


Per Ekroll


Eiliv Berdal

Gjenpart:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvern avdelinga

1. 11. 1986



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 58 000
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

RÅDMANNEN I HERØY		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
2650	4/8-86	504.23

Herøy kommune
6090 FOSNAVÅG

4

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
1387	5/8-86	

Herøy I
6090 F

DYKKAR REF.
DERES

VÅR REF. (BOR GJEVAST OPP VED SVAR)
(BOR OPPGIS VED SVAR)

DATO

6137/86/714 KL

1.8.86.

REGULE

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE PÅ BERGSØYA

Fylkes
med sl

Vi vil vise til brev frå teknisk etat datert 22.4.86.

Miljøvernavingdelinga har vurdert planen på nytt samt dei synspunkt som kjem fram av TU-sak 23/86. Vi kan ikkje sjå at det i saka har kome fram opplysningar av ein slik karakter at vi finn grunn til å endre vårt tidlegare standpunkt. Jf. vår fråsegn datert 22.1.85. til Herøy kommune. Vår føresetnad for eventuell kommunal eigengodkjenning av planen blir såleis at arealet mellom sjøen og bustadfeltet også blir regulert. Dette bør leggjast ut som friluftsansreal og eventuelt med plass for nokre nausttomter eller andre føremål som er ein klar planmessig konsekvens av at det legges til rette for bustadbygging i området.

Etter fullmakt

Odd Høgset
miljøvernleiar

Kjell Lyse

Gjenl

Gjenpart : Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga

NEN I HERØY	
Mottatt	Arkiv
8-86	504.23

TAT
Arkiv

FY KYESFRILUFTSNEMND
I
MØRE OG ROMSDAL

J. nr.	Mottatt	Arkiv
3159	12/9-86	504.23

5

SENTRALBORD (072) 58 000
FYLKESHUSET
6400 MOLDE

Herøy kommune
6090 FOSNAVÅG

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
1039	15/9.86	

Vår ref.
6137/86/714 KL

Dato
4.9.86

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE PÅ BERGSØYA

Fylkesfriluftsnemnda vedtok samrøystes i møte 29.8.86, sak 279, å kome med slik fråsegn :

"Fylkesfriluftsnemnda har vurdert saka på nytt, men vi er framleis av den meining at reguleringsområdet må utvidast slik at ein del av arealet ved sjøen kan regulerast til frilufsføremål. Jf. elles vår fråsegn i brev datert 28.2.85 til teknisk etat."

For fylkesfriluftsnemnda

Harald Ørsahl

Harald Ørsahl

Gjenpart : Herøy kulturstyre

t som
ome fram
vårt

av
blir
ed plass
essig
et.

hys
yse

Fosnavåg, den 25. november 1986

TU-sak nr. 252/86

Ark.: 504

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE
PÅ BERGSØYA, framhald.....

Teknisk sjef viser til utgreiinga i TU-sak 23/86, der det vart rådd til at planområdet vart utvida til sjøen. Teknisk utval gjekk mot dette. Det har ikkje kome til nye vesentlege moment i saka om dette, og teknisk utval lyt vurdere om det er grunnlag for å endre vedtaket frå TU-sak 23/86 på dette punktet.

Etter at representantar frå fylkeslandbrukskontoret var på synfaring i området, den 7.4.-86, har fylkeslandbruksstyret handsama saka på nytt, under sak 439/86. Det vart gjort slikt vedtak:

"Fylkeslandbruksstyret viser til sin uttale i sak 271/85 som det held fast på."

I nemnde sak uttala fylkeslandbruksstyret m.a.:

".....Jordbruks-, natur- og friluftsområda under gnr. 36 Vike, bør derfor vurderast under eitt, anten som ein revisjon av soneplan for Bergsøy, eller som ein del av ei samla generalplan for kommunen."


Teknisk sjef viser også her til utgreiinga i TU-sak 23/86 og held fast ved at det aktuelle arealet bør vere utbyggingsområde. Arealet kan ikkje seiast å ha nokon verdi i jordbruks-samanheng.

Dette er også i samsvar med tidlegare uttalar frå landbruksstyresmaktene, som i frådelingssaker har uttalt at området er utan jordbruksmessig verdi. Ei arealvurdering som grunn-eigaren har fått utarbeidd konkluderer også med det same.

Fylkesmannen skriv i brev dagsett 1.8.-86 at miljøvern-avdelinga har vurdert planen på nytt. Dei kan ikkje sjå at det har kome fram opplysningar av ein slik karakter at dei finn grunn til å endre standpunkt. Dei held fast på at arealet mellom bustadfeltet og sjøen må regulerast, og det bør vere friluftssareal og naustområde.

Fylkesfriluftsnemnda har også vurdert planen på nytt i sak 279/86 og nemnda har same standpunkt som fylkesmannen. Teknisk sjef viser her til kommentarane til brevet frå plan-avdelinga som går på det same. Det er ikkje grunnlag for eigengodkjenning av denne planen.

Framhald.....

Kopi: teknisk,
Kartet " 

RÅDMANNEN I HERØY		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
2197	6/6-88	50423

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAKS (02) 34 95 60 - TELEKS 21480 env n
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., 0030 OSLO 1

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshusa

6400 MOLDE

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
778	9/6.88	

Deres ref.
6456/87/714/EKB/TOS

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
87/5728 P JML/AaS/lsmc

Dato 26 MAI 1988

HERØY KOMMUNE - REGULERINGSPLAN FOR VIKANE

Fylkesmannen i sitt brev av 24. november 1987.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965, jfr. § 120 i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, stadfester Miljøverndepartementet Herøy kommunestyre sitt vedtak i møte 27. februar 1987 om nemnte reguleringsplan. Vidare dladfester departementet reguleringsføresegner tilknytt planen.

Vi viser elles til det som er sagt i merknadene nedanfor.

Miljøverndepartementet har disse merknadene:

Ovannevnte sak er sendt Miljøverndepartementet til avgjerd sidan fylkeslandbruksstyret hadde innvendingar mot planframlegget.

Av omsyn til landbruket sine interesser i planområdet har Miljøverndepartementet lagt saka fram for Landbruksdepartementet, som i brev av 8. mars 1988 har gjeve slik fråsegn:

"Landbruksdepartementet er i prinsippet enig med fylkeslandbruksstyret i at arealdisponeringen i området burde ha blitt avklart i oversiktsplan.

En har imidlertid merket seg at planområdet er et grunnlendt utmarksområde med små jordbruksinteresser og at det allerede er etablert noe boligbebyggelse i området. I det en ellers viser til vurderingen og tilrådingen fra fylkeskommunens planavdeling, jfr. skriv av 30. september 1987, finner Landbruksdepartementet ikke å ville reise innvendinger mot at reguleringsforslaget

blir stadfestet."

Vi viser også til at fylkesmannen si miljøvernnavdeling og fylkesfriluftsnemnda under handsaminga av saka har hatt merknader til planframlegget, men ikkje så sterke at dei ville gå mot eigengodkjenning.

Miljøverndepartementet finn etter dette å kunne stadfeste reguleringsplanen for Vikane.

Vi vil elles vise til fylkeskommunen si fråsegn av 30. september 1987 til fylkeskommunen og rår til at areala mellom bustadområdet og sjøen vert teke opp til vurdering i plansamanheng så snart som mogleg.


Det stadfesta reguleringskartet følger vedlagt med påteikning om stadfestinga.

Vi ber om at kommunen vert gjort kjent med dette.

Gjenpart av brevet er lagt ved.

Med hilsen


Jens Michael Lund s.f.


Aasmund Stokke

Gjenpart:

- 1) Landbruksdepartementet
- 2) Herøy kommune, til foreløpig underretning
- 3) Møre og Romsdal fylkeskommune
- 4) Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal, Jordbruksetaten

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 21.06.2018 09:13:35
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale.

Fra: noreply.saksbehandling@vegvesen.no <noreply.saksbehandling@vegvesen.no>
Sendt: 20. juni 2018 19:30
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Emne: Dokument 18/29494-7 Herøy kommune - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale sendt fra Statens vegvesen

Til Herøy kommune i Møre og Romsdal

Vedlagt oversendes dokument **18/29494-7 Herøy kommune - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale** i sak **Reguleringsplan for Nedre Sørليا bustadfelt - gnr. 36 bnr. 2 m.fl. - Herøy kommune** fra **Statens vegvesen**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Eventuelle henvendelser vedrørende behandlingen kan rettes til firmapost@vegvesen.no eller i vårt [kontaktskjema](#).

Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.

Til Herøy kommune i Møre og Romsdal

Vedlagt sender vi dokument **18/29494-7 Herøy kommune - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale** i sak **Reguleringsplan for Nedre Sørليا bustadfelt - gnr. 36 bnr. 2 m.fl. - Herøy kommune** frå **Statens vegvesen**. Sjå vedlegget for innhaldet i utsendinga.

Eventuelle førespurnader som gjeld behandlinga kan rettast til firmapost@vegvesen.no eller i [kontaktskjemaet](#) vårt.

Dette er ein systemgenerert e-post du ikkje kan svare på.

Attn. Herøy kommune i Møre og Romsdal

Enclosed you will find the document **18/29494-7 Herøy kommune - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Offentleg ettersyn - Uttale** from the Norwegian Public Roads Administration.

If you have queries regarding this case, please contact firmapost@vegvesen.no.

This is an automatically generated email – please do not reply.

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 26.06.2018
Vår ref.: 201801829-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.05.2018
Dykkar ref.: 2017/1449

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE si generelle fråsegn - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan Nedre Sørليا - Herøy kommune

Viser til brev datert 24.05.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

NVE prioriterer å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#), der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde syner vi til NVE sin rettleiar «[2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging](#)», og anna rettleiingsmateriell på NVE sine nettsider www.nve.no/arealplan.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til flaum- og skredfare i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar, slik at ny utbygging blir tilstrekkeleg sikker. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

Med helsing



Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

27.06.18

Til
Herøy Kommune
Samfunnsutvikling
Pbx 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Red. nr. 2017/1449	Saksbeh.
- 9 JULI 2018	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dirk.nr.
Kassasjon	

Frå

Toftestøda småbåtlag
v/Formann Trond Tellefsen (917 29 150)

MERKNAD TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA

Viser til detaljreguleringsplanen for Nedre Sørليا som no ligg ute til offentleg ettersyn. Toftestøda småbåtlag er i utgangspunktet positive til det som skal skje, men er litt usikre på om planen for ¹²nye naust er godt nok gjennomtenkt og ynskjer difor å bli involvert i den vidare planlegginga.

Det er viktig at alle partar er klar over at Toftestøda i dag er eit sameige med 23 grunneigarar som alle har kvar sitt naust/tomt. Sameiget er regulert av ei bruksordning som Sunnmøre Jordskifterett har bestemt. Bruksordninga regulerer blant anna kor mange båtplassar og naust som er tillatt i Toftestøda. Vi driv også i dag Toftestøda Småbåtlag med 45 båtplassar og 42 medlemmar.

Merknader:

1. ¹²Rekka med dei nye nausta er plassert heilt inn til tomtegrensa til vårt sameige og legger opp til biloppstillingsplass på sameiget sin grunn.

Med venleg helsing

Trond Tellefsen

Formann Toftestøda Småbåtlag



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/1449	01.06.2018	66080/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	06.08.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan nedre Sørليا gbnr 36/2 m.fl - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge

Det er sett av to område for leik i plankartet, hhv LP1 og LP2. Vi er nógde med plasseringa av LP1, då den knytt seg til tilgrensande plan og sikrar eit område som er i bruk til leik i dag. Vi er derimot meir skeptiske til plasseringa av LP2, dette på grunn av skygge frå naust, biltrafikken forbi og tilgjengelegheita for dei som skal bu i bustadfeltet. Ut i frå terrenget kan det sjå ut som om dei må bruke vegen og fortauet for å komme på leikeplassen. Er det sett på mogelegheitene for å legge leikeplassen lengst vest i planområdet og knytte den til det som ser ut som ein allereie eksisterande sti? I så tilfelle må ein gjere ei ny vurdering av sol/skygge forhold og sikre leikeplassen i forhold til snuplassen. Det vil og vere naudsynt og legge inn ei byggegrense på bustadtomtene mot leikeplass for å hindre privatisering.

Vi ser i nokre kart i oversendinga at det er ein sti som svingar inn vest i planområdet. Dette er ein sti som ser ut til å knytte bustadfeltet bak planområdet til naust og sjø. Denne bør bevarast som ein snarveg.

Universell utforming

Vi er nógde med at universell utforming er tatt inn i planomtale og i føresegner, og rår til at ein krev kotesatt uteomhusplan i samband med opparbeiding av leikeområde.

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til fråsegn etter arkeologisk registrering, datert 24.04.2018.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til merknader ovanfor og ber om at desse blir tatt til følgje i den vidare planlegginga.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
ass. fylkesplansjef

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune

Detaljregulering - Nedre Sørليا

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det er lagt fram eit planframlegg for Nedre Sørليا med føremål bustader og naust. Planområdet omfattar eit område avsett for bustader i tillegg til eit areal for bustader og naust som i kommuneplanen er sett av til LNF-område.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

I vår fråsegn ved høyring av framlegg til siste revidering av kommuneplanen, skreiv vi følgjande om framlegget til B69 (Toftestøa): *Området består av svært kupert og bratt terreng mellom etablert busetnad og sjøen. Ny busetnad her vil vere eksponert mot sjøen, og vere konfliktfylt i høve landskapsinteressene i strandsona og bruken av området til uteaktivitetar i nærmiljøet. Fylkesmannen reiser motsegn til den vestlegaste delen av B69, som inneberer bygging i svært bratt og kupert terreng, eksponert mot sjø og seglingsleia. I framlegget til kommuneplanen strekte B69 seg mykje lenger vestover enn det som det er lagt opp til i dette reguleringsframlegget, og dei landskapsmessige konsekvensane av dette planframlegget er difor langt mindre. Vi vil difor ikkje gå imot ei utviding av bustadområdet slik dette framlegget legg opp til.*

Barn og unge

Føresegnene punkt 3 – LP1 og LP2– seier at områda er felles *privat* leikeareal. Vi stiller spørsmål ved kva er det som er meint med at dette er privat. Ein bør ikkje utelukke at også barn frå området elles skal kunne nytte seg av plassen.

Samfunnstryggleik/klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

For reguleringsplanar av denne typen kan ROS-analysen ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Sjekklista er å finne på Fylkesmannen sin nettstad

Gislink.no viser at deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Aktsemdskarta er eit grovt oversiktskart som gjev ein indikasjon på mogleg fare. Det må derfor gjerast ei vurdering om det er tilstrekkeleg tryggleik i området, jf. krava i plan- og bygningslova §§ 4-3 og 28-1. Dersom tiltaket ikkje kan plasserast tilstrekkeleg trygt, må den delen som kan overfløymast utformast på ein måte som toler overfløyning og bølgepåverknad. Vi minner derfor om rettleiar frå «Flaum- og skredfare i arealplanar» (september, 2016).

Konklusjon

Det må gjennomførast ei ROS-analyse for planområdet. Sidan området ligg innanfor aktsemdområde for flaum, må det gjerast ei vurdering av tryggleiken i området. Om tiltaket ikkje kan plasserast tilstrekkeleg trygt, må ein ta omsyn til dette gjennom utforminga.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Bjørnøy, Kari[fmmrkabj@fylkesmannen.no]

Sendt: 15.01.2019 09:25:26

Til: Tanja Rafteseth

Tittel: VS: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nedre Sørliå gnr36 bnr2 mfl. - B. Tarberg AS

Dykkar ref. 2017/1449

Hei, til ditt spørsmål om ein kan redusere planområdet slik kommunen ønskjer i reguleringsplanen for Nedre Sørliå gnr36 bnr2 mfl; vi kan ikkje sjå at det er problematisk. Vi har altså ingen innvendingar til dette.

Med vennlig hilsen

Kari Bjørnøy

rådgivar



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Telefon: 71 25 84 05

Mobil: 932 08 597

E-Post: fmmrkabj@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2018/1099
		Arkiv:	9/17

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/19	Formannskapet	12.02.2019
	Kommunestyret	21.02.2019

SØKNAD OM LØYVE TIL OPPSTART AV PLANARBEID PÅ GNR. 9 BNR. 17 PÅ RUNDE. HANDSAMING AV ADMINISTRATIVT AVSLAG.

Tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 gir Kommunestyret avslag på søknad om løyve til oppstart av planarbeid på gnr. 9 bnr. 17 på Runde.

Avslaget er grunngjeve i referat frå oppstartsmøte datert 30.11.2018.

Denne avgjerda er endeleg og kan ikkje påklagast.

Særutskrift:

Vedlegg

- 1 201833_Planinitiativ_Detaljreguleringsplan Runde resort_PDF
- 2 201833_Kart planavgrensing
- 3 Referat frå oppstartsmøte 24.10.18, signert
- 4 Runde Resort - Gnr. 9 bnr. 17 - Argument for etablering av 4 nye hytter...
- 5 Signert tilsvar

Samandrag av saka:

Grunneigar Jetmund Runde har via konsulent B. Tarberg AS søkt om løyve til å starte opp detaljregulering for Runde Resort på gnr. 9 bnr. 17 på Runde (vedlegg 1 og 2). Føremålet er å legge til rette for nye fritidsbustadar og naust i området.

Aktuelt område ligg på begge sider av FV 18 omlag 400 meter sørvest for hamna på Runde.

Det vart helde oppstartsmøte den 24.10. 2018 med tiltakshavar og kommunen.

Av møterefateret (vedlegg 3) går det fram at administrasjonen ikkje finn det tilrådeleg å gi løyve til oppstart av det omsøkte planarbeidet. Planinitiativet vil vere i strid med føremåla i kommuneplanen på fleire område, og særleg tungtvegande er det særigna landbruks- og kulturlandskapsområdet som området er ein del av. Ei slik administrativ beslutning kan i følgje plan- og bygningslova § 12-8 ikkje påklagast, men forslagsstillar kan krevje å få saka lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.

Tiltakshavar vil gjerne benytte seg av denne retten og krev saka lagt fram for kommunestyret.

Rådmannen legg med dette fram saka for kommunestyret for endeleg avgjerd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.


Rådmannen rår til at det vert gjeve avslag på søknad om oppstart av planarbeid med bakgrunn i administrasjonen si grunngjeving i møterefateret.

Saksopplysningar:

B. Tarberg AS sendte på vegne av tiltakshavar inn planinitiativ med søknad om oppstart av privat detaljreguleringsplan for Runde resort, den 24.09.2018. (vedlegg 1 og 2)

Søknaden omhandlar 4 fritidsbustader nord for fylkesveg 18 og eit ikkje spesifisert tal naust på sørsida av fylkesvegen.


Bakgrunnen for søknaden er eit ynskje om å kunne tilby tomter til fritidsføremål og naustføremål.



Figur 1: Oversiktskart som viser plassering av omsøkte tiltak på Runde.



Figur 2: Omsøkt planområde (raud markering) ligg i den nordlege delen av det lysegrøne området som er avsett til omsynssone for landbruk (H510) og omsynssone for kulturlandskap (H550) i kommuneplanen.



Figur 3: Avgrensning av planområde.

Vurdering og konklusjon:

Den generelle tanken bak føremålet er god, nemleg eit ynskje om å bidra til å styrke fritidsføremålet og turismen i kommunen.

Plasseringa meiner vi derimot ikkje er gunstig i høve andre sterke samfunnsinteresser som er akkurat i dette området. I tillegg er det sett av fleire område til fritidsføremål og til andre byggjeområde like i nærleiken.

Rådmannen meiner området er så spesielt og har så stor verdi i høve det særeigne kulturlandskapet på Runde at det ikkje er tilrådeleg å gi løyve til nedbygging.

Vi viser til komplett argumentasjon og konklusjon som er gitt i møtoreferatet datert 30.11.2018 (vedlegg 3).

Rådmannen rår til at planinitiativet vert avvist og at det ikkje vert gitt løyve til oppstart av detaljregulering av det omsøkte området.

Fosnavåg, 04.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Leiar utviklingsavdelinga

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

24.09.2018


Herøy kommune
PB. 183
6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 2018-33

PLANINITIATIV - SØKNAD OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR RUNDE RESORT - HERØY KOMMUNE

«Detaljreguleringsplan for Runde resort 9/17 i Herøy kommune –
Jetmund Runde»



DETALJREGULERINGSPLAN PBL §§ 12-3 og 12-10

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette søkt om oppstart privat planarbeid for av detaljregulering av området på Runde i Herøy kommune. Denne søknaden er retta til kommunen, men vil også kunne vere grunnlag for ei seinare varsling til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet i samband med varsel om oppstart av planarbeid.

Gjeldande planstatus og bakgrunn for planarbeidet.

Området er ikkje omfatta av ein detaljreguleringsplan. Arealen som er omfatta av planområdet er avsett til LNF-formål naudsynt for landbruksdrift nord for fylkesvegen og LNF-formål sør for fylkesvegen.

Tiltakshavar Jetmund Runde (også grunneigar av gnr. 9 bnr. 17) har eit ynskje om å utvikle eigedomen til fritidsformål og naustformål. Forslagsstillar tenker å dele opp i tomter etter slik godkjent reguleringsplan vert gjeldande. Det er etterspurnad etter fritidstomter i området og grunneigar vil med bakgrunn i dette og samarbeid med kommunen kunne bidra til å styrke fritidsformålet og turismen i kommunen.



Landbruksformål

Tiltakshavar vurderer det slik at den delen av eigedomen som no vert omsøkt regulert ikkje er eigna som landsbruksformål og at det soleis er naturleg at den blir utvikla til fritidsformål.


Areala er her ikkje mogleg å drifte maskinelt og det er tynt, om ikkje fråværande areal av produktiv mark. Arealet har eit skrint jordsmonn med preg av grunnfjell i dagen. Dette arealet fungerer ikkje som landbruksareal i dag og vil være svært ressurskrevjande for tiltakshavar dersom det skal setjast i stand som produktivt landbruksareal. Areala må difor kunne omdisponerast til anna bruk. Ein tenker då at turisme/fritid vil vere eit naturleg val.

Ny reguleringsplan

Planarbeidet vil vere ei detaljregulering etter plan- og bygningslova (PBL § 12-3 og § 12-10) for deler av eigedomen. Formål er å legg til rette for ei styrking av turismen og fritidsbruk på Runde, med tilhøyrande anlegg og infrastruktur. Området ligg godt til rette for utbygging og ekstern infrastruktur som veg, gangveg, vatn, avløp er tilrettelagt i nærleiken av planområdet. Det som står att er utbygging av leidningsnett for overvatn og reinsing av spillvatn.

Reguleringsplanen vil danne ei ny plangrensa som vist på vedlagt skisse.

Tiltakshavar vonar det kan startast opp ein detaljreguleringsplan som grunnlag for vidare utbygging, jfr. PBL 12-1.



Kartutsnitt som viser eigedomen gnr. 9 bnr. 17 si lokalisering og avgrensing (Sunnmørskart).

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen



Kartutsnitt som viser planområdet og forslag til avgrensing.

Planlagt arealbruk (bustadformål) er i strid med arealformålet i kommuneplan.

Ein vurderer det slik at verknadane av planen likevel ikkje vil råke produktivt landbruksareal og soleis vil det ikkje vere vesentlege konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Ein vurderer det slik at det ikkje vil vere grunnlag for planprogram eller konsekvensutgreiing.

Utnytting av området i høve dagens terreng:


Arealet som skal planleggast er i stor grad i svakt skråande terreng, og ein ser ikkje for seg at det her blir behov for nokon store endringar i terrenghøgder. Planen ønskast utarbeida som ein detaljplan der området vert regulert til byggeområde med byggelinjer og avgrensingar. Feltet ønskast visualisert med «tenkt» busetnad og bygningsvolum. Den detaljerte arkitekturen og oppteikning av hus skjer i samband med fremming av byggesøknad.

Det er konkret tenkt nye tomter for fritidsbustader nord for fylkesvegen (4 stk) frittliggjande på ei rekke. Desse har ein tenkt skal ha felles tilkomst gjennom etablering av ny felles avkøyrsla frå fylkesvegen. Sør for fylkesvegen tenkjer ein etablert naust med felles avkøyrsla. Denne avkøyrsla er tenkt ved utvida bruk av eksisterande landbruksavkøyrsla. Planområdet er 14.1 daa. Vegen vil dele området i totalt 2 deleområder som blir lagt ut til fritidsbustader og naustområde. Det vil bli fastsett byggjegranser mot vegen i samsvar med Statens Vegvesen sine krav. Tomtene er tenkt tilkople VA og EL/TEL anlegg som ligg i tilknytning til vegane. Detaljar rundt dette vil bli eit tema i planarbeidet.

B. TARBERG AS – SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@btarberg.no

www.btarberg.no



3D perspektiv av område sett frå nord



3D perspektiv av område sett frå sør

Føremålet med planarbeidet

På vegne av forslagsstillar Jetmund Runde ynskjer ein gjennom ein reguleringsplanen å leggje til rette for nye fritidsbustadar og naust i området. Bygningstype vert avklart i vidare planprosess.

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggehøgder

Når det gjeld type bustader ser ein føre seg at dette må avklarast i vidare planprosess. Dette er eit populært område, der ein bør ha fokus på god arealutnytting. Ei utnyttingsgrad bør ligge på 25-30 %BYA, med byggehøgde på to bustadetasjar over terreng.

I forhold til tilgjengelegheit ser ein for seg at omlag 50 % av fritidsbustadene bør vere tilgjengeleg bueiningar. Det er allereie en stor leikeplass i feltet, men ein bør kanskje setje av minste ute opphaldsareal (MUA) i prosjektet.

Arealet som skal planleggast er i stor grad i svakt skråande terreng, og ein ser ikkje for seg at det her blir behov for nokon store endringar i terrenghøgder. Planen er foreslått utarbeidd som ein detaljplan. Feltet ønskast visualisert med «tenkt» busetnad og bygningsvolum. Den detaljerte arkitekturen og oppteikning av hus skjer i samband med fremming av byggesøknad.

Tiltakshavar har vore i kontakt med planavdelinga i Herøy kommune tidlegare i denne saka med søknad om førehandskonferanse, som seinare har vore stilt krav om skal haldast som oppstartsmøte.

Aktuelle arealformål

- Fritidsbustader, frittliggjande
- Køyreveg
- Anna veggrunn, tekniske anlegg
- Minste ute opphaldsareal (MUA)
- Renovasjon
- Parkering
- Naust
- Friluftsområde i sjø

Konsekvensar av planarbeidet

Forholdet til overordna planar og retningslinjer

Slik vi vurderer det vil ikkje den omsøkte planlegginga få nemneverdige konsekvensar for området. Vi viser til at den planlagde arealbruken er i samsvar med ei overordna satsing på turisme som kommunen har uttalt tidlegare.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader

Planen vil, slik vi oppfattar det, vere av vesentleg interesse for Herøy kommune då det her er satsing og prioriteringar for utvikling og satsing på turisme.

Funksjonell og miljømessig kvalitet

Nye bygg vil ta omsyn til kringliggende bebyggelse når det kjem til volum og byggjehøgder.

Det vil vidare bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå eit heilskapleg områdeoppfatning. Detaljar rundt nye bygg vil gå fram av seinare byggesøknader basert på godkjend reguleringsplan.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Det vil bli utført risiko- og sårbarheit analyse i reguleringsprosessen, men pr. dato så veit ein ikkje om noko spesielle ting og problemstillingar.

Det vil i planarbeidet også bli gjort vurderingar i høve naturmangfald. Dette vil inngå som ein del av planomtalen.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil bli varsla om reguleringsplanen i eige skriv. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet får høve til å kome med skriftleg innspel innan ein fastsett tidsfrist. Innspel som kjem til varsel om oppstart vil følgje som vedlegg til planomtalen.


Medverknad ønsker ein ved å sende ut førehandsvarsel til alle aktuelle organ, fagmynde og naboar. Ein ønsker å ha ein tett dialog med Herøy kommune i planlegginga.

Aktuelle høyringspartar i tillegg til grunneigarar og naboar vil vere:

- Herøy kommune, v/Utviklingsavdelinga
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Statens vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Mørenett AS
- Tussa Nett AS, Dragsund, 6080 Gurskøy
- Telenor Networks v/servicesenter for nettutbygging, sfn@telenor.com
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk
- Noregs- vassdrags og energidirektorat (NVE)

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova for utarbeiding av detaljreguleringsplan § 12-14. Planarbeidet vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg hjå B. Tarberg AS.


Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

B. Tarberg AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg
E-post aleksander@btarberg.no
Tlf: +47 46674461

VEDLEGG:

- Kartutsnitt med planavgrensing (A3-format)
- Plangrense i SOSi-format



Dato		Konstr./tegnet		Godkjent		Målestokk		
24.09.2018								
Plantegning							Erstattet for:	Erstattet av:
							901	
Henvisning:				Beregning:				

SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhørende forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlige føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#).

Søknad om oppstart med førehandsutfylt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering skal i nødvendig grad omtale følgende:

- a. føremålet med planen
- b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
- c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d. utbyggingsvolum og byggehøgder
- e. funksjonell og miljømessig kvalitet
- f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
- g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
- h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
- i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
- j. kva berørte offentlege organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
- k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
- l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Sak:	
Møtestad: Herøy rådhus	Møtedato: 24.10.2018
	10:45 - 11:45
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar: Aleksander Z. Tarberg Jetmund Runde	Frå plan: Ole Magne Rotevatn Tanja Rafteseth
	Frå drift:
	Frå landbruk: Anne Kathrine Løberg
	Andre:

1. Planføresetnader

Plantype

- Detaljregulering
 Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
 Kommuneplanen sin arealdel.....LNF og LNF-landbruk. Omsynssone landbruk.

Kommunedelplan: Omsynssone landbruk (H510) og kulturlandskap (H550)
 Reguleringsplan.....
 Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn:.....Detaljreguleringsplan for Runde resort 9/17

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

- Planforslaget er i samsvar med overordna plan.
 Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.
 Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad: Ligg i omsynssone H510 landbruk og omsynssone H550 kulturlandskap.

de

Pågåande planarbeid

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova) *Nei*

Merknad:.....

Konsekvensutgreiing *Nei*

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan:

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak *Nei*
Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....*Nei*.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift	
- Parkeringsvedtekter	sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel
- Forskrift om gebyrregulativ	Før private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m ² . Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m ² over 5000 m ² . Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.
- Krav til leikeplassar	sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel

3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i søknad om oppstart

Tema:	Tilleggsopplysningar, vurdering:
3.1 Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	Frittliggjande fritidsbebyggelse, tilkomstveg, naust
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Oppføring av nye naust Ligg i strandsonen.
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Arealet er ikkje prega av produktivt landbruksareal, men har grunnfjell i dagen som gjer det vanskeleg å drive landbruk. Ønske om omdisponering. Omsynssone landbruk H510
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	Vil bli vurdert i planomtalen
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Vil bli vurdert i planomtalen Ligg i omsynssone for kulturlandskap H550 i KPL.
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Vil bli vurdert i planomtalen
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Ingen særskilte interesser registrert i området.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy	Ny felles tilkomst frå fylkesvegen er tenkt etablert.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Vil bli vurdert i planomtalen
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ingen særskilte
3.11 Enkel trafikkanalyse (køyreveggar og sykkelveggar), dagens situasjon.	Vil bli vurdert i planomtalen
3.12 Kontroll av grenser innanfor planområdet og tilgrensande eigedomar	Vil bli vurdert i planomtalen
3.13 Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	Planlegginga vil ta omsyn til god terrengtilpassing. Nei, er i konflikt med omsynssone landbruk H510 og i konflikt med omsynssone kultur-landskap H550.
Anna:	

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:

Tema:	Vurdering:
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?	Merknad: Følgje pbl.
Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema?	Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige. RAS/FLAUM
Kommunalt bidrag i planarbeidet?	
Behov for dialogmøte med kommunen?	Plankonsulent presenterer planarbeidet for administrasjonen ved overlevering til offentlig ettersyn
Framdriftsplan:	Adm. legg fram Sakva for kst/fsk. - tiltaksplanar er orientert om NEG.

5. Kommunalteknisk anlegg

innstilling.

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	
Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	
Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Tiltaket utløyser uløye krav om utbyggingsavtale.

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er det usemje om vesentlege punkt? **JA, Det er usemje.**
 Kva er det usemje om? **Ikkje i tråd med KPH, truga strandsone, konflikt med landbruk og kulturlandskap. sjå * bak.**

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan eller er det aktuelt å stoppe planarbeidet etter pbl. § 12-8, andre ledd?

Nei. Kan ikkje tilrå utarbeiding av plan. Adm. stoppar planarbeid.

Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan foreslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret jf. delegeringsreglement for Herøy kommune. **Forslagsstillar krev saka lagt fram for kommunestyret.**

Er plankonsulent registrert med sentral godkjenning? **Nei.**

Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt? **Ja.**

Skal planforslaget leggjast fram for regionalt planforum? **Nei**

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? **Ja, tiltakshavar krev det framlagt etter PBl §12.8 andre ledd.**

Vidare saksgang:

Adm. lagar sak til kst.

Anna:

Tiltakshavar og plankonsulent vil kome med eit notat med argument og opplysningar til planinitiativet som følger saka til politisk behandling.

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn skal som hovudregel gjerast av konsulent.

Stad, dato Fosnareg., 30.11.18.....

Representantar frå kommunen: Tanja Rajtseth, Ole Magnus Rasmussen.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... Aleksander Z. Turberg.....

BESLUTNING/AVGJERD OM Å STOPPE PLANINITIATIVET.

Med bakgrunn i fremja planinitiativ, dialog og oppstartsmøte står kommuneadministrasjonen fast ved at her er tungtvegande grunnar til å avvise planinitiativet. Desse grunnane er oppsummert slik:

Planinitiativet er ikkje i tråd med vedteken kommuneplan, arealdel, vedtatt 30.10.2014. Her er området sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål.

Planinitiativet er ikkje i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3, 3. ledd om at «Private forslag må innholdsmessig følge opp hovedtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og foreliggende områdereguleringer».

Etter jordlova har området arealklasse AR5, innmarksbeite, som vil vere i strid med planinitiativet.

Området ligg i kjerneområde for landbruk, med særskilt omsynssone for landbruk H510.

Området ligg i kjerneområde for kulturlandskap, med særskilt omsynssone for kulturlandskap H550.

Strandsona der tiltaket er omsøkt er del av ei 440 meter lang strandsona som er sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål. På begge sider av denne strandsona er det sett av område til byggjeføremål i kommuneplanen.

Det er sett av fleire areal til fritidsføremål og turisme i umiddelbar nærleik i kommuneplanen.

I LNF-område kan ein vurdere å rekne utleigebustader som tilleggsnæring i landbruket, men i omsynssone H510 og H550 skal landbruk og kulturlandskap tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken og jordlova sin intensjon skal haldast i hevd.

Eit løyve vil undergrave kommunen sitt vedteke overordna planverk og gjennomførte planprosessar, og vil kunne skape uheldig presedens når det gjeld å gi løyve til vesentlege avvik frå vedtatt planverk/kommuneplan.

Kommunen finn med dette at det private planinitiativet frå Jetmund Runde/B. Tarberg ikkje bør føre fram, og besluttar med heimel i plan- og bygningslova § 12-8, 2. ledd, at planinitiativet skal stoppast. Denne beslutninga kan ikkje påklagast, men forslagsstillar krev å få planinitiativet lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd i samsvar med plan- og bygningslova §12-8, 2. ledd.

Fra: Aleksander Tarberg[aleksander@btarberg.no]
Sendt: 31.10.2018 08:15:57
Til: Tanja Rafteseth
Kopi: Ole Magne Rotevatn; jetmund@aspermorway.com
Tittel: Runde Resort - Gnr. 9 bnr. 17 - Argument for etablering av 4 nye hytter...


På vegne av forslagstillar Jetmund Runde sender ein her argument som understreker viktigheita av å etablere 4 nye hytter på Runde. Vi ber om at dette blir lagt fram for formannskapet ved behandling av saka. Sjå tekst under streken.

Runde Resort - Gnr. 9 bnr. 17 - Argument for etablering av 4 nye hytter:

1. Arealet det hyttene er tenkt plassert har så dårleg jordkvalitet at området bør omdisponerast til hytteformål.
2. Arealet bør omklassifiserast som eit areal med lågare verdi enn innmarksbeite, då dette arealet ikkje er produktivt i for grunneigar i dag.
3. Grunneigar bør få moglegheit til å utvikle eit areal som i dag framstår som «ikkje brukbart» til landbruksdrift på garden. Grunneigar vil her få moglegheit til å gjere noko med drenering av området. Kostnader til dette i samband med nye hytter vil kunne forsvarast i kombinasjon med utbygging.
4. Ved å omdisponere arealet vil ikkje dette svekke driftsgrunnlaget for garden, snarer tvert i mot, det vil gi gardseigar nye moglegheit for alternativ utvikling.
5. Ei omdisponering av arealet til hytter vil kunne gi grunneigar inntekter til å utvikle garden og området.
6. Alternativ lokalisering på garden er vurdert og ikkje funne hensiktsmessig.
7. Ei omdisponering av arealet her vil medføre at det «svakaste» arealet blir brukt til noko som skaper verdi.
8. Nye hytter vil skape verdi for grunneigar, Runde som bygd og Herøy kommune i form av at nye folk trekkjer til området.
9. Nye hytter vil skape verdi i form av å styrke grunnlaget for turisme i Herøy kommune.
10. Kommunen peikar på at tiltaket vil vere negativt for kulturlandskapet i området. Dette er ein usamd i: Nye hytter vil ligge i randsona mot etablert bebyggelse, som nabo til regulert byggefelt. Utbygging av dette området er ei naturleg utvidingsretning for byggefeltet og det vil vere ei forlenging av eksisterande bebyggelse.
11. Nye hytter vil kunne kombinerast med opparbeiding av grønne areal (markar) rundt hyttene slik at området framstår som eit heilskapleg grønt kulturlandskap. Her vil ein kunne forbetre dagens situasjon med å sprengje vekk grunnfjell i dagen og planere og tilså grønne og fine markar som kan anten beitast eller haustast maskinelt. Dette vil gi området ei kvalitetsheving i forhold til dagens situasjon.
12. Tatt det økonomiske i betraktning, er det ugunstig for tiltakshavar å realisere byggeprosjekt (fritidsbustad) på hovudbruksst 9/17. Det mest gunstige for tiltakshavar vil vere å få frådelt 4 individuelle eigedomar (hyttetomter), slik at desse kan omsetjast og kan pantsettes for ny utbygging. Dette vil skape vekst og utvikling på Runde i samsvar med kommunen sine overordna målsettingar om meir turisme/næring i kommunen.
13. Gardseigar ser på området, slik det framstår i dag, som ein «skamplet» og ynskjer gjennom planane for fire nye hytter å heve kvaliteten på areala slik det framstår betre enn i dag.
14. Vi oppmodar formannskapet om å reise på synfaring før behandling av saka.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
B. Tarberg AS
+ 46674461
www.btarberg.no



TILSVAR HERØY KOMMUNE

Tilsvar Herøy Kommune


Tilsvar av møtereferat av 30.10.2018, på bakgrunn av møte datert 24.10.2018 på Herøy Rådhus.

Tiltakshaver søkte Herøy Kommune 31.07.2018 igjennom plankonsulent Aleksander Tarberg /B Tarberg AS om å få avholde forhåndskonferanse. Primært for å belyse planene, og få kommuneadministrasjonens umiddelbare tilbakemelding.

Slik tiltakshaver ser det, stiller kommuneadmin. seg negativ til prosjektet med bakgrunn for fire hovedfaktorer som belyst på møtet:

1. Ras / Flaumfare
2. Omsynssone H510 landbruk
3. Omsynssone H550 kulturlandskap
4. Arealplan

Videre hevder kommunen at prosjektet ikke er i samsvar med kommuneplanen, og vil undergrave kommunen sitt vedtekne overordna planverk og gjennomførte planprosesser, og vil kunne skape uheldig presedens når det gjeld å gi løyve til vesentlige avvik frå vedtatt planverk/kommuneplan.¹



¹ Konklusjon på beslutning om å stoppe planinitiativet, referat av 30.11.2018

Ras / Flaumfare


På møte datert 24.10.2018 blei ett av momenta for å nekte meg å gå videre med planene at det var fare for ras fra fjell (steinsprang), og oversvømmelse/floam.

Representant fra kommunen viste på skjerm et kart hvor halve Herøy var underlagt rød sone for ras.

Etter å ha vært i kontakt med NVE² kunne de informere om at rasfaren på min eiendom 9/17 er vesentlig redusert primært grunnet stor vegetasjon av gran og furutrær.



NVE skrev en rapport i februar 2016³ der de kartla de prekære områdene. På deres nettside finner man kart som indikerer dette:



<http://atlas.nve.no/html5Viewer/?viewer=nveatlas&layerTheme=Faresoner&extent=13703,6951780,20413,6956103>

Konklusjon:

Der er IKKE grunnlag for rasfare / steinsprang på omtent landområde.

² Norges Vassdrag og Energidirektorat


³ Rapport 61/2016, Skredfarekartlegging i Herøy Kommune, Einar Anda, Jarle Hole, Lene Kristensen, Yngve Midtun, Odd-Arne Mikkelsen

Hva angår flaumfare, så er det aktuelle området 4,3 meter over havet. Dette er målt på digitalt altimeter basert på snitt i terreng. Går man i kartdata, grunnkart, ser man at det er anvist til 3-4 ekvidistanser. Der foreligger ingen nasjonale begrensninger mot opprettelse av eiendom eller løyve til bebyggelse utover Pbl §28-1 mtp kotehøyde.

Går man i dybden, og leser rapporter om havstigning, vil de fleste konkludere med ca 50cm som et krisescenario i år 2100. NERSC Special Report no. 89 Bjerknessenteret for klimaforskning, publikasjon nr. R101⁴ er en rapport som indikerer havnivåstigningen på vestlandet, dersom ingen grep tas før år 2100. De lander også på et estimat på ca 50cm. Dette da forutsatt at land ikke stiger i takt med havet.

Med andre ord er ikke havstigning noe faretruende moment som fryktet fra Herøy Kommune.

Av potensielle oversvømmelser av ferskvann, så er der en liten bekk som går på naboeiendommen gnr9 bnr7. Denne ligger ved normalvannstand en ekvidistanse på 1 meter negativ.



Konklusjon:

Det er ikke fare for flaum eller oversvømmelse på det aktuelle området.

⁴ NERSC Special Report no. 89 Bjerknessenteret for klimaforskning, publikasjon nr. R101J. *Even Ø. Nilsen, Helge Drange, Kristin Richter, Eystein Jansen og Atle Nesje*

Omsynssone H510 Landbruk

Tilstede på møtet 24.10.2018 var også Anne Kathrine Løberg, som representant fra landbrukskontoret.

Her blei det konstantert at det aktuelle området er i konflikt med landbruk H510. Det blei presisert verbalt at området er overflatedyrka utmark av stor verdi.

Nå har undertegnede budd på gården i snart 40 år.

Der har aldri blitt dyrket noe som helst. Aldri blitt beitet, og det har blitt slått for hånd med ljå eller motorisert ryddesag for å opprettholde lav vegetasjon for skams syld. Gresset er av ugress og kan ikke anvendes til fôr.

Går man i historien, så ser man på bilder, så sent som ifra 1966 at området var aldri dyrket:



Snarere tvert imot var dette på tidlig 1900-tallet fjøre som har blitt fylt ut.

Man ser tydelig berget som kommer vesentlig opp i området, som gjør det udyrkbart både i 1966, i dag, og i 2166.

På Herøy Kommune sin konklusjon «Beslutning/Avgjerd om å stoppe planinitiativet»,
Sitat: *...landbruk og kulturlandskap tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken og jordlova sin intensjon skal haldast i hevd.*

Her antyder Herøy Kommune at området det bes søkt fradelt og omregulert er dyrket jord av ypperste kvalitet. –Se vedlegg 1, side 12.

Går man i dybden i Jordloven, så kommer man seg ikke lenger enn til §1, 2 pkt, før man finner et interessant avsnitt:

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.⁵

For å oppnå en tjenelig og variert bruksstruktur er nok planinitiativet langt innenfor. Samfunnsutviklingen på Runde har de siste 20årene vært negativ, primært grunnet fravære av ledige tomter og snever interesse fra regionale mynder for å legge til rette en oppblomstring. Dette private initiativet er fullt itråd med samfunnsutviklingen da der er et økt behov for privateid fritidseiendom. Driftsmessig vil dette kunne gjøre ubrukelig landområde til noe formålstjenelig for veldig mange parter.



Konklusjon:

Området er ikke i strid med Jordloven, og er heller ikke overflatedyrket utmark. Området er igjengrodd berg/ur.

⁵ Jordlova §1, andre ledd

Omsynssone H550 Kulturlandskap

På eiendommen gnr9 bnr17 er der registrert et forminne. Det blei fredet i 1973.



<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/1515/9/17/0/0>

Gravhaug (45875-1)

Enkeltminnekategori	Arkeologisk minne
Enkeltminneart	Gravhaug
Opprinnelig funksjon	Gravminne
Datering	Jernalder
Vernestatus	Automatisk fredet
Lovgrunnlag	Kulturminneloven av 1978
Paragraf	4 (Automatisk fredning)
Vernedato	1973-08-06
KulturminneID	45875-1

Rund haug, gras og torvdekket. Stein er synlig i SØ-utkant. Haugen er utflata på toppen og går delvis i ett med terrenget i NV. Den er 11 m i diameter og ca. 1 m høy fra SØ.

<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/1515/9/17/0/0>

Etter å ha snakket i over to timer i telefon med fylkeskonservator Ringstad, bekreftet han at der på 70-tallet blei automatisk fredet en del jordforhøyninger der det var mistanke om forminner. Forminne 45875-1 var intet unntak.

Det er forventet at det kommer representanter fra Møre og Romsdal Fylkeskommune på synfaring ila våren 2019. Paradoksalt nok kan man ikke begrave folk i berg. Jernalder eller steinalder eller ei!

Undertegnede går utifra forminnet blir frigitt ila sommeren 2019 på bakgrunn av disse opplysningene.


Konklusjon:

Omsynssone H550 er av ikke relevans pt.



Arealplan

På arealplanen til Herøy Kommune er eiendommen 9/17 underlagt LNF, Landbruk, Natur og Fritid.



Utsnitt fra sunnmørskart, kommuneplan.

Herunder all bebyggelse på gården underlagt rød faresone for ras?

Ser man i Plan og Bygningsloven hhv § 11-5:

§ 11-5. Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.

Og ser man på bestemmelsene i Pbl § 11-7:

§ 11-7. Arealformål i kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise arealformål som er angitt i nr. 1 til 6. Hovedformålene kan etter behov inndeles i angitte underformål.

5. Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift.

Underformål:

- a) areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag,
- b) areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv., jf. § 11-11 nr. 2.

Konklusjon

Tiltakshaver kan ikke på noe punkt se begrensninger hva angår videre prosess i saken. Planinitiativet er tiltenkt på areal som ikke er formålstjenlig i gårdsdrift, og etter Jordloven er å anse som innenfor å omdisponere ihht føringene i Jordloven §1 andre ledd.

I all sannsynlighet vil der heller ikke være interessekonflikt mot kulturminne.

Der er ikke fare for ras og eller flaum.

Herøy Kommune la frem forslag på oppstartsmøte om at et mulig alternativ ville være å ikke fraskille tomter men byggle disse. Aberet med dette er at man ikke får en grunneiendom som kan beheftes for byggefinansiering.

Tiltakshaver ser primært at det blir inndelt i egne tomter.

For Runde, og Herøy Kommune, er prosjektet av stor verdi. Runde er en turistmagnet med allerede presset losjeringsmuligheter. Prosjektet har en flerdelt verdi som vil tilfalle både lokale leverandører ift oppbygging, men også lokale forretninger ved ferierende bebuere.

Undertegnede ber om at planinitiativet, med nærværende dokument vedlagt, blir presentert for kommunestyret for videre beslutning, jfr Pbl 12-8 annet ledd.


Vedlegg:


1. Flyfoto av gården
2. Bilde av tiltenkt tomteinndeling
3. Skisse av fritidshus




Fosnavåg, 03.01.2019



Jetmund Runde









Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2017/1531
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/19	Formannskapet	12.02.2019
	Kommunestyret	21.02.2019

SLUTTHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD (GNR. 28, BNR. 6).

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-14, reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) med plankart datert 11.05.2018, samt føresegner og illustrasjonsplan datert 16.01.2019.

Del av Områdeplan for Indre Bergsøy (plan ID 201247) som reguleringsendring for Bergshaugen Nord får konsekvensar for, vert oppheva, i medhald av plan og bygningslova §12-14.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre – 3 veker frå kunngjerningsdato. Klaga skal stillast Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er klageinstans og sendast Herøy kommune.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- 1 Føresegner 16.01.2019
- 2 Illustrasjonsplan
- 3 Illustrasjonsplan_med gjeldande plan
- 4 Planomtale
- 5 Samla innspel til planforslag

Samandrag av saka:

Saka omhandlar tiltakshavar Eldar Lillerovde (grunneigar av gnr. 28, bnr. 6) på Bergshaugen sitt ønskje om å omregulere eigedommen frå frittstående småhusbusettand til konsentrert busetnad og oppføring av firemannsbustadar. Tiltakshavar har nytta konsulent B. Tarberg AS i reguleringsarbeidet. Herøy kommune har gjort endringar i plandokumenta etter offentlig ettersyn. Arealet er regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247 (gjeldande plan).

Rådmannen rår til at planen, slike den no ligg føre, vert godkjend av kommunestyret.

Saksopplysningar:

Det aktuelle området er lokalisert på Bergshaugen, i nordleg ytterkant av eksisterande bustadfelt. Området ligg nær turstiar til fjella *Tverrfjellet* og *Hornseten*. Tilkomst til Fv 654 er via Bergslibakken. Her er også relativt kort veg til skule og fritidsaktivitetar sentralt på Bergsøya.




Figur 1: Geografisk plassering av planområdet (markert i raud sirkel). Kartet viser området Bergsliå, Flusund, Straumane og Nærøya.

Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 (områdeplan for indre Bergsøy) til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget

på søknad om oppstart. Grunneigar ønskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei annleis utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan.

Reguleringsgrensene for denne endringa er sett til å omfatte FS11 i gjeldande plan, samt noko mindre areal vest for FS 11 som omfattar areal til veg og gangveg (reguleringsgrense vist med tjukk svart stipla linje i figur 2, under).



Figur 2: Omriss av planområdet er markert med tjukk, stipla svart linje. Dette omfattar i hovudsak FS 11 i gjeldande områdereguleringsplan for Indre Bergsøy, samt noko veg og gangveg vest for FS11 for å legge til rette for ny tilkomst frå sørvest.

Planforslaget vart levert Herøy kommune 20.03.2018. Det vart då levert som ein søknad om ei mindre endring etter PBL §12-14. Kommunen vurderte søknaden og konkluderte med at dette kan handsamast som ei reguleringsendring etter PBL §12-14.

Det er vurdert til at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing for denne planen, då mykje allereie er avklart i gjeldande plan. Formålet med reguleringsendringa er å gjere arealformålet frå frittstående til konsentrert bustadområde (KS-område). Planområdet er om lag 3,8 daa stort og det vert lagt opp til etablering av totalt 12 bueiningar (tre stykk firemannsbustader) i dette planforslaget, eit stort felles leike- og uteopphaldsareal på 650 m², samt ei omlegging av f_V19 frå gjeldande plan (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).


Arealformål:

Bustadar – konsentrerte småhus


I området markert KS16 kan det byggjast fire firemannsbustadar. I tillegg skal det etablerast eit leike- og uteopphaldsareal jf. illustrasjonsplanen som vist i figur 4. Leikeplassen skal utformast og etablerast jf. reguleringsføresegnene. Illustrasjonsplanen er juridisk bindande saman med plankartet. Utnyttingsgrad (BYA) er sett til maksimalt 40%. Parkering skal førast opp som vist i illustrasjonsplan, her kan det førast opp garasje/carport.

Felles privat køyreveg (f_V19)

Denne er flytta sørover i forhold til plassering i gjeldende plan til det sørvestlege hjørnet av KS16 (sjå figur 3 og 4). Formålet med vegen er å gi tilkomst til bustadområdet.



Figur 3: Plankart til planforslaget, lagt på gjeldande plankart (NB! Reguleringsgrense er ikkje vist).



Figur 4: Illustrasjonsplan for reguleringsendringa som viser mellom anna plassering av bygg, parkering, leike- og uteoppholdsareal og ny tilkomst.

Vurdering:

Planmaterialet som no ligg føre er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd med kommunale og nasjonale krav. Planen er i strid med gjeldande områdereguleringsplan på det som omhandlar frittstående og konsentrert busetnad. Likevel vil rådmannen tilrå reguleringsendringa med bakgrunn i kommuneplanen sin arealdel der det vert framheva at det bør byggjast fortetta i

sentrumsnære område, som til dømes på Bergsøya. Tiltakshavar har ønska større utnytting, med oppføring av fire firemannsbustader. Signala frå formannskapet i F-sak 103/18, samt merknadane frå bebuarane i nærområdet gjer at rådmannen rår til å redusere talet på bueiningar, frå 16 til 12 bueiningar. Merknadane frå bebuarane i nærområdet, samt merknadar frå regionale mynde er oppsumert og kommentert i planomtalen (vedlagt). Det same er gjort med eit følgjebrev frå tiltakshavar og konsulent datert 22.10.2018). For ytterlegare vurderingar kring endringane i planen syner vi til planomtalen, føresegner og illustrasjonsplan datert 16.01.2019 (vedlagt).

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

«Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingene etter første punktum skal fremgå av beslutningen».

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området ikkje vil vere i konflikt med naturtypar som er nasjonalt eller regionalt viktige områder.

§9, Føre-var-prinsippet

Ikkje relevant då det ikkje er kartlagt naturtypar av nasjonalt eller regionalt viktige områder.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og planforslaget vil styrke barn og unge sine interesser ved at planen sett krav til opparbeiding av nytt felles leike- og uteopphaldsareal. Som vist i illustrasjonsplanen regulerer ein her for eit felles tun med leik og uteopphald som samlar bebuarane i sentrum av det nye bustadområdet. Parkeringa er plassert i ytterkant av planområdet, noko som skjermar leikearealet for motorisert trafikk. TUNET er sørvendt og vil vere skjerma mot trafikk, samt vere opent og oversiktleg for bebuarane.

Konklusjon:

Rådmannen rår Kommunestyret til å, i medhald av plan- og bygningslova §12-14, godkjenne reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) med plankart datert 11.05.2018, samt føresegner og illustrasjonsplan datert 16.01.2019.

Fosnavåg, 25.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ole Magne Rotevatn
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Reguleringsføresegner – reguleringsendring av områdereguleringsplan for indre Bergsøy

Reguleringsendring for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.

§ 1 – Avgrensning av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Egedomar dette gjeld er delar av gnr. 26, bnr. 6 og delar av gnr. 30, bnr. 105. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet, illustrasjonsplanen og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner. Illustrasjonsplan datert 16.01.2019 syner plassering av bygningar, leike- og uteopphaldsareal, parkering og vegar. Denne er juridisk bindande saman med plankartet datert 11.05.2018.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)
- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

§ 5 – FELLESFØRESEGNER

a. Reguleringsendringa fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar takast inn i planen som følgje av illustrasjonsplanen.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Det skal plasserast brannkum i enden av vegen, mot uteopphaldsarealet som vist i illustrasjonsplanen.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje.

§ 6 – DETALJPLAN, PBL § 12-3

Ved byggesøknad for KS- området skal det utarbeidast ein samla situasjonsplan. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen før utbygging kan skje, jf. også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 10. Planane skal utarbeidast i henhold til Miljøverndepartementets retningslinjer og skal fastlegge arealbruk, bygge- og fellesområde og høgder. Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn. Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar, jf. TEK.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av overbygd parkering (garasje og/eller carport (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnyttning av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

- KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje og/eller carport ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan KS-området skal det setjast av min. 15 m² eigna areal for leik per buening. Arealet skal gå fram av situasjonsplan, men er også teikna inn i illustrasjonsplan. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Bustader – konsentrerte småhus

a. I område KS16 kan det byggjast tre (3) bustadhus i rekke med inntil fire (4) bueiningar i kvart bygg. KS16 skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område KS16 skal bustadhus ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

I område KS16 skal garasjar/ carportar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Garasjar/ carport skal organiserast/plasserast som vist i illustrasjonsplan. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

§ 8 Uteareal tilhøyrande byggjeareal

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemma skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein skal i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabo tomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Evt. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.

d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

e. Ved evt. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. I. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Det skal vere plassert brannkum i enden av vegen som går inn til uteopphaldsarealet som vist i illustrasjonsplan. Veggen til brannkummen skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for utrykkingskøyretøy og skal ikkje nyttast til parkering.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

i. Nærleikeplass (felles) skal etablerast jf. plasseringa i illustrasjonsplanen, der minst 250m² av arealet skal settast av til leik. Leikeplassen skal opparbeidast og møblerast med minst tre leikeapparat, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassen skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast. Plasseringa av dei ulike elementa skal gjerast innanfor arealgrensene i illustrasjonsplanen (grønt areal).

§ 9 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal
- annan veggrunn - tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal
- parkering som vist i illustrasjonsplan


Følgjande vegar er vist som felles vegar (f_V): V19.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering. I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablur.


§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)


a. Det vert vist til føresegnene § 7 vedrørande område med krav om situasjonsplan. Før frådelling og utbygging kan finne stad innan dei nemnde områda skal kommunen ha godkjent situasjonsplan for området.

b. Felles nærleikeplass skal vere ferdig opparbeidd og møblert jf. § 8 i desse føresegnene før bruksløyve for første bueining vert gjeve.




Detaljreguleringsplan for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6
Illustrasjonsplan utarbeidd av Herøy kommune
Dato: 16.01.2019
Målestokk 1:500 A3





Detaljreguleringsplan for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6
 Illustrasjonsplan utarbeidd av Herøy kommune
 Dato: 16.01.2019
 Målestokk 1:500 A3



PLANOMTALE REGULERINGSENDRING BERGSHAUGEN NORD (GNR. 28, BNR. 6 M. FL).

**«Områdereguleringsplan for indre Bergsøy (plan ID 201247
- reguleringsendring av føresegner og plankart knytt til
område FS11 og f_V19 – plan- og bygningsloven (PBL) §
12-14»**

REGULERINGSENDRING AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN PBL § 12-14

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget på søknad om oppstart.


Grunneigar ynskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei anna utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan. I tillegg til dette ynskjer grunneigar avklaringar på ein del spørsmål som vedkjem infrastruktur, grunnnerverv og offentlege interesser i området.

Den omsøkte endringa (konsentrert utnytting) er ikkje i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens områdereguleringsplan (frittstående bebyggelse). Planendringa vil gjerast innanfor rammene til avsett byggeområde i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, ein vurderer det derfor til å ikkje vere krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål i plankart og føresegner frå frittliggande bustadformål til konsentrert bustadformål. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 28/6 (Lillerovde) og 30/105 (Storøy).

Planområdet er om lag 3.8 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir KS-område (KS16). Endringa vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik som vi ser det.



Figur 1: Gjeldande plansituasjon (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).




Figur 2: Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet

Bakgrunn

Forslagstiller har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14.


Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.12.2017 (sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar) og seinare førehandskonferanse i 2018. I desse møta blei det drøfta ei rekkje planfaglege problemstillingar, samt stilt eit par spørsmål rundt infrastruktur i området. Kommunen har uttrykt i møta at dei er positive til planane under visse føresetnader. Planforslaget vart handsama i F-sak 103/18, 29.05.2018. Planforslaget la til rette for etablering av fire firemannsbustader, parkering med carport/garasje samt leike- og uteopphaldsareal (figur 3).



Figur 3: Første versjon illustrasjonsplan frå planforslaget som låg til offentlig ettersyn sommaren 2018. Ein har gått bort frå dette forslaget, og redusert talet på bustadhus frå fire til tre (sjå figur 7 og 8 for revidert (2. versjon) illustrasjonsplan).

Ved offentlig ettersyn av planforslaget kom det inn merknader frå naboar og bebuarar i nærområdet. Naboane meiner planforslaget legg opp til ei for høg utnytting av arealet, og ønskjer at det skal førast opp einmannsbustadar etter gjeldande plan.

Kommunen har omarbeidd planen etter offentlig ettersyn, og redusert talet på firemannsbustader til tre stk. Parkering (deriblant garasje/carport) er flytta lenger frå eigedomsgrensa til naboane og skaper dermed meir avstand mellom naboar og nye bygg. Det reviderte planforslaget reduserer samstundes noko av biltrafikken til området.



Figur 4: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest.



Figur 5: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå søraust.

Merknader ved offentlig ettersyn

Innspel	Kommentar
<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Har ingen spesielle merknader til planforslaget, men påpeikar at det er viktig at det vert sikra god/enkel tilkomst til turstien og friluftsområda kring planområdet</p>	<p>Dette er sikra gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Her er det teikna inn tursti, samt ny parkeringsplass i tilknytning til turstien.</p>

<p>Møre og Romsdal Fylkeskommune: Har med utgangspunkt i situasjonsplanen (her meint illustrasjonsplanen) ikkje invendingar til endringane. Det er ei utfordring at illustrasjonsplanen ikkje er bindande. Føresett at kommunen sikrar at leikearealet har tilstrekkeleg storleik, kvalitet og sol.</p>	<p>I revidert planforslag for slutthandsaming er illustrasjonsplanen no gjort juridisk bindande. Arealet til leik og opphald tilfredsstill krava til storleik. Det er ikkje gjennomført sol-/skuggeanalyse då leikeplassen er sørvend og det er god avstand til bygningar i sør. Carport/garasje kan ta noko lys frå vestleg del av arealet.</p>
<p>Noregs- vassdrags og energidirektorat (NVE): Ingen merknadar til planforslaget.</p>	
<p>Bebuarar på bergshaugen v/ Fred Prytz:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bebuarane i nærområdet ønskjer at kommunen står for tidlegare regulering av området (frittstående småhus) og ikkje regulerer til konsentrert utnytting. Her meiner bebuarane i nærområdet at den viktigaste årsaken er auka trafikkmengde, og meiner at vegen ikkje er dimensjonert for auka biltrafikk. Dei siktar vidare til at det manglar gang- og sykkelveg i området og at vegen er mykje brukt som skuleveg og turveg m. m. 2. Vidare syner dei til turstien som startar vest for planområdet, og meiner utbygginga vil råke ved kvaliteten til denne turstien. 3. Syner til at dei som har busett seg i nærleiken har gjort det med bakgrunn i at det har vore regulert til ein bustadar i området. Her meiner bebuarane at det burde takast omsyn til dei som allereie er etablerte i området. Utbyggjar ønskjer i planforslaget å bygge garasje/ carport 1 meter frå tomtegrensa til næraste naboeigeomar. Dette meiner dei vil råke ved verdien til eksisterande tomter/hus. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vegen (Bergslibakken) har per i dag ikkje samanhengande gang- og sykkelveg til planområdet. Det er regulert fortau til planområdet (områdeplan for indre Bergsøy) og det er sett i gang planområde lenger sør i Bergslibakken for å få eit samanhengande fortau. Reguleringsendringa medfører ei auka trafikkmengde i forhold til det ein kan forvente i gjeldande plan. 2. Turstien til Tverrfjellet er regulert i områdeplan for indre Bergsøy med ny parkeringsplass og startpunkt for stien. Dette vert ikkje endra i reguleringsendringa, men fleirmannsbustader kan syne att i landskapet på ein annan måte en enkeltbustader. Plasseringa til nye hus er synt i illustrasjonsplan, samt at talet på hus er redusert til tre (frå fire) i forhold til planforslaget som låg ute til høyring. 3. Kommunen er samd i at ein skal ta omsyn til nabobebyggelse, særleg når det gjeld reguleringsendringar. Garasjer/carportar er flytta i den nye illustrasjonsskissa, samt at ein har redusert talet på hus til tre. Dette gjer at ein får ei mindre utnytting, samt at ein opprettheld

<p>4. Påpeiker vidare at mange tomter som er regulert til einmannsbustader, vert bygde som tomannsbustader. Her meiner dei Herøy kommune må ta eit standpunkt til korleis ein skal byggje ut slike bustadfelt. Bebruarane syner til at det har vore vanskeleg å få seld fleirmannsbustader i kommunen, og at det er behov for fleire einmannsbustader. Det vert stilt spørsmål ved at kommunen vil tillate bygging av fleirmannsbustader så langt vekk frå Fosnavåg sentrum.</p>	<p>byggegrensene frå gjeldande plan på 4 meter til naboeigedomar.</p> <p>4. Føresegnene i gjeldande plan (områdeplan for indre Bergsøy) legg til rette for to bueiningar i bygningar der det er regulert til frittstående småhusbebyggelse. Kommuneplanen sin arealdel § 2.13 seier at det bør leggjast vekt på sterk utnyttingsgrad og fortetting der det er mogleg i sentrumsnære område (Bergsøya, Kvalsund, Leine og Frøystad).</p>
<p>Følgjebrev (22.10.2018) frå Eldar Lillerovde (tiltakshavar) og Aleksander Z. Tarberg (B. Tarberg AS, konsulent): Følgjebrevet er sendt inn som kommentar/tilsvar til innkomne innspel i offentleg ettersyn.</p> <p>1. Her meiner tiltakshavar/konsulent at forhold som gjeld trafikktryggleiken er forhold som ligg utanfor planen og planområdet. Her syner dei til kommunen si handsaming av klage på plan for Elsebøen og meiner saka må handsamas tut i frå likheitsprinsippet. Overordna trafikktryggleik i Bergslia er ei kommunal oppgåve.</p> <p>2. Syner til bebruarane sitt innspel på planen si effekt på turstie. Her viser dei vidare til at løypa vil ligge ca. 20 meter frå byggegrensa og at dette må vere akseptabelt ettersom ein følger same byggegrense som i gjeldande plan. Syner vidare til positive effekter av utbygging med firemannsbustader.</p> <p>3. Syner til naboane sine protestar angåande byggjegranser og</p>	<p>1. Kommunen er i utgangspunktet samd i at forholdet til gangveg ligg utanfor reguleringsendringa. I klagesaken til detaljreguleringsplan for Elsebø er problemstillinga liknande som for denne planen. Det er regulert fortau til planområdet Bergshaugen nord, og kommunen har sett i gang reguleringsarbeid for å regulere samanhengande fortau langs heile Bergslibakken.</p> <p>2. Syner her til kommentar til bebruarane i nærområdet, punkt 2.</p> <p>3. Byggegrensene er vidareført frå gjeldande plan. Når det gjeld garasjer/ carport kan frittstående garasjer/carport plasserast inn til 1m frå eigedomsgrense. I ein reguleringsprosess er det opp til kommunen å regulere plassering. Etter innspel frå bebruarane i nærområdet meiner kommunen at samla garasje-/carport anlegg bør plasserast jf. byggegrense på 4m. I illustrasjonsskissa har ein valt å plassere anlegga lenger frå eigedomsgrensa slik at ein får plassert brannkum med god tilkomst for utrykkingskøyretøy. Løysinga legg til rette for at ein</p>

<p>syner til at desse er identiske med gjeldande plan. Plan- og bygningslova tillet bygging av garasjer av ein viss storleik inntil 1m frå nabogrensa. Syner til at det i gjeldande plan er opna for etablering av tomannsbustader og meiner endring frå to- til firemanns ikkje er så stor. Vidare syner dei til allereie godkjent område for fleirmannsbustader for KS9 (områdeplane for indre Bergsøy) og meiner at også denne planen må godkjennast ut i frå likebehandlingsprinsipp.</p> <p>4. Tiltakshavar/konsulent avsluttar med at det er viktig med god arealutnytting i kommunen og syner til at fylkesmannen og fylkeskommunen er positive til planendringa.</p>	<p>kan unngå konflikt mellom parkerte bilar og utrykkingskøyretøy. Når det gjeld skilnad mellom to- og firemannsbustad er kommunen ikkje samd i påstanden om at «skilnaden ikkje er så stor». Å samanlikne KS9 feltet med denne reguleringsendringa vert feil, då KS9 vart regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Planområdet som no vert regulert er regulert til FS (frittstående busetnad) i same plan. I ei reguleringsendring vert det gjort nye vurderingar og det vert feil å syne til prinsipp om likebehandling i denne samanhengen. Kommunen vel å delvis imøtekomme merknadane frå bebuarane i nærområdet med å redusere utnyttinga, samt å endre plasseringa til garasje-/carportanlegg. Kommunen meiner ein her finn ei balansert løysing mellom tiltakshavar sine ønskje og merknadane frå naboane.</p> <p>4. Kommunen er samd i at god arealutnytting er viktig, jf. føringane i kommuneplanen sin arealdel. Ein legg også til grunn at dei regionale instansane ikkje har kome med innspel på å regulere frå FS til KS (konsentrert utnytting).</p>
--	---

Endring av reguleringsplan (PBL § 12-14)

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder:

Følgjande endringar vert gjort frå områdeplan for indre Bergsøy:


